



Norges miljø- og
biovitenskapelige
universitet

Masteroppgåve 2022 30 stp

Fakultet for landskap og samfunn

Kommunetilsette sine erfaringar med grønstruktur i kommunen sitt planarbeid – ein kvalitativ studie

Åsne Henden

Master i folkehelsevitenskap

FORORD

To år er over på folkehelsevitenskap ved Norges miljø- og biovitenskapelige universitet. Eg ser tilbake på det som nokon fine og lærerike år. Spesielt lærerikt har det vore og skrive mi avsluttande masteroppgåve. Tema mitt om grønstruktur er inspirert av åra mine på NMBU, med eit tverrfagleg fokus på folkehelse. Det har vore ein spanande prosess, som eg endeleg kan sei meg ferdig med. Eg vil takka alle som har hjelpt meg å koma i mål.

Eg er veldig takknemleg for all hjelp eg har fått av rettleiaren min, Ingeborg Pedersen. Det har vore gode råd heile vegen, både på korleis koma i gang, og no på slutten til endeleg oppgåva. Takk for alle tilbakemeldingar, gjennomlesingar, refleksjonar og eit fint samarbeid.

Ikkje minst vil eg retta ein stor takk til dei som tok seg tid til å delta på intervju, og ville dela av sine erfaringar med meg. Det har gjeve meg eit spanande utgangspunkt for å skrive oppgåva.

Til slutt vil eg takka mine medstudentar for støtte og moro undervegs. Eg set stor pris på fellesskapet som har vore, og alle timane med dykk på U402.

Åsne Henden, mai 2022

Samandrag

Bakgrunn: Folkehelsearbeid rettar innsats mot det som skapar god helse på befolkningsnivå. Grønstruktur er naturprega område i nærmiljøet, og har betyding for helse og trivsel gjennom fysisk aktivitet, sosial kontakt og stressreduksjon. For å ivareta grønstrukturen legg plan- og bygningslova føringar for planlegging og arealforvalting i Norge, og i det har kommunane ansvar for eige areal. Planlegging og planprosessar er ei kompleks utfordring, med omsyn til mange interesser. Grønstruktur er ein del av kulturelle økosystemtenester som gjev grunnlag for å ivareta naturen sin eigen verdi, samtidig som det er viktig folkehelsearbeid.

Formål: Kunnskap om verdien av grønstruktur, og vidare inkludere dette i kommunen sitt planarbeid, har betyding for korleis grønstrukturen vert ivaretake. Formålet med prosjektet er difor å få innsikt i arbeidet som vert gjort, med utgangspunkt i grønstruktur som ein kvalitet for innbyggjarane.

Metode: Dette er ein kvalitativ studie, der data er samla inn ved hjelp av semistrukturert intervju. I alt er det gjennomført fire intervju, med fem informantar. Informantane i studien er kommunetilsette som er kjent med grønstruktur som ein del av kommunal planlegging. Analysen er gjort etter systematisk tekstkondensering.

Hovudfunn: Hovudfunna kan summerst som «verdifull grønstruktur», «press på grønstruktur» og «metodar for å ivareta grønstruktur». Ulike måtar å sjå verdien av grønstruktur har betyding for korleis den vert prioritert i kommunen sitt planarbeid. Press på grønstruktur er eit resultat av ulike interesser mellom utbyggjarar, brukarar og kommunen, og utfordrar arbeidet med ivaretaking. Metodar for å ivareta grønstruktur inneheld både kartbasert kunnskap, verdettingsmetodar og brukarmedverknad, som er med å skape forståing for konsekvensen av at grønstruktur forsvinn.

Konklusjon: Grønstruktur sin verdi for innbyggjarane vert ivaretake gjennom prioritering i kommunen sine planar. Statleg styring, kunnskapsgrunnlag og lokalt engasjement styrkar ivaretakinga. Utfordringane ligg fyst og fremst i samanhengane mellom det som står i planane og kva som skjer i praksis.

Abstract

Background: Public health focuses on what creates good health at the population level. Green structure is a natural area in the local environment, and is important for mental and physical health through physical activity, social contact and stress reduction. In order to protect the green structure, The Planning and Building Act creates guidelines for planning and land management in Norway, with the municipalities having responsibility for their own area. Planning and planning processes are a complex challenge, which involves many different interested parties. Green structure is part of cultural ecosystem services that provide a basis for protecting nature's own value, at the same time as being important for public health.

Purpose: Knowledge of the value of the green structure, and further including this in the municipality's planning work, is important for how the green structure is taken care of. The purpose of the project is therefore to gain insight into the work that is being done, based on the green structure's qualities for the inhabitants.

Methodology: This is a qualitative study, where data has been collected using semi-structured interviews. A total of four interviews were conducted, with five informants. The informants in the study are municipal employees who are familiar with municipal planning in connection with green structure. The analysis was done after systematic text condensation.

Main findings: The main findings can be summed up as «valuable green structure», «pressure on green structure» and «methods for maintaining green structure». Different ways of seeing the value of a green structure are important for how the green structure is prioritized in the municipality's planning work. Pressure on green structure is a result of different interests between developers, residents and the municipality, and challenges the work of protecting. Methods for maintaining green structure include both map-based knowledge, valuation methods and user participation, which helps to create an understanding of the consequence of reducing green structure.

Conclusion: The value of the green structure for the inhabitants is safeguarded through prioritization in the municipality's plans. Government management, knowledge base and local involvement strengthen care. The challenge lies first and foremost in the connections between what is in the plans and what happens in practice.

INNHOLDSLISTE

1.0 INTRODUKSJON	1
2.0 BAKGRUNN	2
2.1 Helse, helsefremming og folkehelsearbeidet i kommunen	2
2.2 Nærmiljøet og folkehelsa	3
2.2.1 Grønstruktur sin betydning for helse og livskvalitet.....	4
2.3 Kommunal planlegging og grønstruktur.....	5
2.3.1 Grønstruktur i kommunen sitt planarbeid	5
2.3.2 Planlegging som prosess	6
2.3.3 Tiltak for ivaretaking av grønstruktur	8
3.0 TEORI	9
3.1 Verdien av grønstruktur.....	9
3.1.1 Kulturelle økosystemtenester	9
3.1.2 Synleggjering av kulturelle økosystemtenester	11
4.0 PROBLEMSTILLING	11
5.0 METODE	12
5.1 Semistrukturert intervju.....	12
5.1.1 Intervjuguide.....	12
5.2 Rekruttering og utval	13
5.3 Intervjusituasjonen	14
5.4 Transkripsjon.....	14
5.5 Analyse	14
5.6 Etikk.....	15
6.0 RESULTAT	16
6.1 Arbeid med grønstruktur	16
6.2 Verdifull grønstruktur.....	17
6.3 Press mot grønstrukturen	18
6.4 Metodar for å ivareta grønstrukturen.....	21
7.0 DISKUSJON.....	23
7.1 Korleis grønstruktur sin verdi påverkar ivaretaking	24
7.2 Ivaretaking av grønstruktur i kommunen sitt planarbeid	25
7.3 Metodediskusjon	29
8.0 KONKLUSJON.....	32
LITTERATURLISTE	33

Liste over figurar

Figur 1: Rammeverk for kulturelle økosystemtenester

Liste over tabellar

Tabell 1: Oversikt over informantar

Liste over vedlegg

Vedlegg 1 Intervjuguide

Vedlegg 2 Informasjonsskriv

1.0 INTRODUKSJON

Internasjonal og nasjonal politikk har FN sine berekraftsmål som overordna mål for å sikre ei berekraftig samfunnsutvikling (FN, 2021). Berekraftig utvikling kan skildrast som økonomisk berekraft, miljømessig berekraft og sosiale forhold (Helsedirektoratet, 2018). Den økonomiske berekrafta er sentral for velferdsstaten, ved å senka utgifter på helse og sjukdom. Berekraft er knytt til å ta vare på naturen og klimaet som ein fornybar ressurs, men dagens situasjon er heller ressurskrevjande. Sosial berekraft handlar om å sikre at alle menneskjer får eit godt og rettferdig liv, ved og leggje til rette for helse og trivsel. Mål med meinung (Meld. St. 40 (2020-2021)) er Norge sin handlingsplan for å nå berekraftsmåla innan 2030.

I arbeidet med berekraftsmåla er folkehelsearbeid trekt fram som ein viktig del av sosial berekraft (Meld. St. 40 (2020-2021)). Sosialt berekraftige samfunn kjenneteiknast av tillit, tryggleik, deltaking, tilhøyring, likeverdig tilgang til velferd- og helsetenester, tilgang til arbeid, utdanning og gode oppvekstforhold og nærmiljø. Meld. St. 40 (2020-2021) stadfestar at alle skal ha tilgang til trygge, inkluderande, og tilgjengelege grønstrukturar. Utfordringa er at det er mindre og mindre igjen av den grønstrukturen som tidlegare eksisterte. I nærmiljøet handlar nedbygging av grønstruktur blant anna om at fleire menneskjer vel å bu i by, og den nasjonale politikken vektlegg at utbygging hovudsakleg skal skje som fortetting (Nordh et al., 2012). Dette til tross for at det er mykje som tilseier at grønstruktur er viktig for folk si helse. Grønstruktur kan vera ein stad for opplevelingar, læring, og tilhør, som igjen har betyding for helse og livskvalitet (Fish, Church & Winter, 2016). Grønstrukturen er også viktig for luftkvalitet, biologisk mangfald, overvasshandtering og temperaturregulering (Haines-Young & Potschin, 2018).

Ein overordna grønstrukturplanlegging er viktig for at ikkje grønstrukturen skal minka endå meir (Miljødirektoratet, 2014), både for naturen og for folk sin del. I nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging, står det at kommunane skal identifisera og ta omsyn til viktig naturmangfald, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturmiljø og landskap i planlegginga (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2019). Fokus i denne masteroppgåva er å undersøke korleis grønstruktur vert ivaretake i kommunen sitt planarbeid, med vekt på grønstruktur sine kvalitetar for innbyggjarane.

2.0 BAKGRUNN

Bakgrunnskapittelet startar med ein introduksjon til helse og folkehelsearbeid, med relevans til grønstruktur i nærmiljøet. Vidare visast det til grønstruktur sin betyding for helse og livskvalitet. Folkehelselova og plan- og bygningslova presenterast innleiande til kommunal planlegging. Grønstruktur i kommunale planar, planprosessar og ulike tiltak for ivaretaking av grønstruktur vert i oppgåva sett i samanheng med juridiske føringar, nasjonale mål og tiltak for folkehelse, friluftsliv og naturmangfald, samt forsking på området.

2.1 Helse, helsefremming og folkehelsearbeidet i kommunen

Helse vert påverka av ei rekke faktorar, slik som genar, personlegdom, livshendingar, mestringsressursar, sosial støtte, samt samfunnsforhold for miljø, kultur og økonomi (Whitehead & Dahlgren, 1991). Verdens helseorganisasjon definerer helse som ein tilstand av fullstendig fysisk, psykisk og sosialt velvære, og ikkje berre fråvær av sjukdom eller lidingar (WHO, 1986). Fugelli & Ingstad spurte der i mot kva folk legg i god helse, og fekk trivsel, funksjon, natur, humør, mestring og overskot som svar (2001). Naturen vert skildra som viktig for folk sin oppfatning av eigen kropp og helse, ved å høyre til i naturen og å vera i naturen. Dette viser at helse omfattar ulike ressursar, og det har samanheng med trivsel og livskvalitet.

Livskvalitet handlar om korleis livet vert opplevd av den enkelte, som tilfreds, interesse, meinig og meinig, men og om kor god livssituasjon ein har, som helsetilstand, funksjonsevne, levekår, arbeidsoppgåver og fritidssyslar (Nes, 2019). Livskvalitet har samanheng med betre fysisk helse og færre psykiske plagar og lidingar, og kan dermed beskytte mot sjukdom (Diener et al., 2018). Helse kan sjåast på individplan, men det er samfunnet sitt ansvar å styrkja befolkninga si helse som ein heilheit gjennom folkehelsearbeidet.

Folkehelsearbeid er i fylgje folkehelselova (2011) samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremmar befolkninga si helse og trivsel. Under Ottawa-charteret vart for fyste gong folkehelsearbeidet retta mot helsefremmande arbeid (WHO, 1986). Det inneber å gjera folk i stand til å ta kontroll over og forbetre eiga helse. For å sikre det helsefremmande arbeidet i Norge har blant anna kommunen ansvar for å fremme folkehelse

innan dei oppgåver og med dei verkemidlar kommunen er tillagt, det gjeld gjennom planlegging, forvalting og tenesteyting (Folkehelselova, 2011, §4).

Med utgangspunkt i Folkehelselova omtalar Folkehelsemeldinga – Gode liv i eit trygt samfunn (Meld. St. 19 (2018-2019)), aktuelle utfordringa og mål for folkehelsepolitikken. Sosial berekraft er eit gjennomgåande tema, og måla er mindre einsemd, tidleg innsats for barn og unge og å utjamne forskjellar. Ved å sikre at det er grøne område nært der folk bur, vil regjeringa gjera det lett for alle å utøva friluftsliv i kvardagen (Meld. St. 19 (2018-2019)). Innsats for eit trygt samfunn og gode levevanar er sentralt, der nærmiljø og friluftsliv er skildra som viktige mål.

2.2 Nærmiljøet og folkehelsa

Ottawa-charterer sette også nærmiljøet på dagsorden, ved å framheve at helse skapast der ein bur og lever sine liv (WHO, 1986). Utforming av nærmiljøet, påverkar kven som brukar det, korleis dei brukar det, og om det er inkluderande for alle (Heimburg et al., 2021). I kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø som fremmar folkehelse, viste det seg at innbyggjarane la kvaliteten til eit godt nærmiljø i møteplassar, grøntområde, gang- og sykkelvegar, nærliek til tenester i kommunen, arealbruk, fysisk utforming, estetiske kvalitetar i natur og i fysisk utforming (Bergem et al., 2019). Grøntområde eller grønstruktur sine kvalitetar i nærmiljøet vil vera fokus i denne oppgåva.

Grønstruktur er veien av store og små naturprega område i byar og tettstadar (Miljødirektoratet, 2021), og famnar både naturområde, korridorar, friområde og parkar, som inneheld ulik grad av naturinnslag. Friluftsliv og naturopplevingar inkluderast i oppgåva for å skildra grønstruktur sine kvalitetar i nærmiljøet. I nærmiljøet er grønstruktur eit området for naturoppleving og rekreasjon, og viktige arenaer for læring, lokal identitet, sosiale møteplassar og barn sin utvikling (Meld. St. 14 (2015-2016)). Grønstruktur kan også skape grunnlag for forståing av og engasjement for kvifor det er viktig å ta vare på natur, og verke samlande på lokalmiljøet (Hunter et al., 2017).

Grønstruktur fremmar aktiv transport, rekreasjon og sosial kontakt, spesielt for grupper med lågare sosioøkonomisk status (Hunter et al., 2017). Det kan difor vera eit folkehelsetiltak å betra tilgangen til grønstruktur i eit nærmiljø (Opp, 2017). Ein kan ikkje forventa at alle tek

områda i bruk, men det bør vera lik tilgang og moglegheiter på godene (Dempsey et al., 2011; Opp, 2017). Det gjev også eit argument for å ivareta grønstrukturen, for å oppretthalda tilgjenge. Det er i dag meir vanleg at kommunane har eit breitt perspektiv på kva tiltak som er viktige for å betre folkehelsa, slik som tilgang til grønstruktur (Bergem et al., 2019).

2.2.1 Grønstruktur sin betyding for helse og livskvalitet

Hartig et al. (2014) viser korleis natur påverkar helse, gjennom luftkvalitet, fysisk aktivitet, sosial kontakt eller stressreduksjon. Helseeffektar kan nås gjennom direkte kontakt med naturlege omgjevnadar, for eksempel ved å utføre fysisk aktivitet i grønstrukturen. Dette kan gje både fysiske og psykiske fordelar. Helsefremmande effekt kan også nås gjennom indirekte kontakt, eksempelvis ved å plassere plantar og naturleg grøne element innandørs. Sett i samanheng med at menneske har eit biologisk behov for kontakt med natur, slappar dei betre av i kontakt med naturelement (Schiebel et al., 2022). I kvardagen verkar naturlege miljø og naturelement stressreduserande ved å vera ein plass for restorasjon (Kaplan & Kaplan, 1989). Det kan vera noko av forklaringa for at tilgang til grønstruktur i nærmiljøet er forbundet med mindre sosioøkonomiske forskjellar i psykisk helse, samanlikna med dei som har dårlegare tilgang (Mitchell et al., 2015). Det kan også sjåast i samanheng med sosial kontakt.

Sosial kontakt kan vera ein mogleg mekanisme for grønstruktur sin effekt på helse, ved at grønstruktur har betyding for å styrke stadstilknyting og stadsidentitet (Maas et al., 2009). Forklaringa har samanheng med grønstruktur sin moglegheit for sosial interaksjon, som kan føra til redusert sosial isolasjon, auka sosial samhøyr, og gje kjensler av tilhøyr og tillit i nærmiljøet (Hunter et al., 2017). Ein studie fann positiv effekt på å vera utandørs og rundt naturlege element på subjektiv livskvalitet, uavhengig av effekten av fysiske aktivitetar eller sosiale interaksjonar i naturlege omgjevnadar (Ryan et al., 2010).

Samanhangane mellom grønstruktur og helse er ikkje alltid lika klare. Dzhambov et al. (2020) fann varierande resultat i deira systematiske oversikt over samanhengen mellom grønstruktur og helse. Majoriteten av studiane fann samanheng mellom grønstruktur og helse, men ein tredjedel viste til ingen effekt, og nokre studiar viste til indirekte effekt. I Norge vil regjeringa blant anna skaffa meir informasjon om korleis den helsemessige betydninga av grønstruktur kan verdsetjast med tanke på planlegging, og kva betydning naturen i nærmiljøet har for interesser og deltaking (Meld. St. 18 (2015-2016); Meld. St. 19 (2018-2019)). Vidare er det

vikting å få inn kunnskap om betydinga av friluftslivsområde i nærmiljøet for folk sin trivsel og folkehelse i kommunal planlegging (Stokke & Movik, 2022). Dei helsefremmande effektane som kjem med grønstruktur, gjev grunnlag for å ivareta grønstruktur i kommunale planar (Lee et al., 2015).

2.3 Kommunal planlegging og grønstruktur

Kommunen er den viktigaste forvaltaren av areal gjennom plan- og bygningslova (2008), og har dermed ansvar for å ivareta ulike interesse når grønstruktur er eit tema i planlegginga. Overordna skal kommuneplanen ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, og oppgåver (Plan- og bygningslova, 2008, §11-1). Gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel utformast mål og strategiar for kommunen som heilheit, inkludert mål for grønstruktur (Plan- og bygningslova, 2008, §11-2). Kommuneplanen sin arealdel skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk på området (Plan- og bygningslova, 2008, §11-5).

Folkehelse er forankra i plan- og bygningslova ved at det skal leggast til rette for gode oppvekst og levekår, fremma befolkninga si helse og motverke sosiale helseforskjellar (Plan- og bygningslova, 2008, §3-1). Samstundes seier folkehelselova (2011, §6) at kommunen sitt arbeid med kommuneplanar etter plan- og bygningslova skal fastsette overordna mål og strategiar for å løysa kommunen sine folkehelseutfordringar. På same måte som plan- og bygningslova skal fremma berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar, skal naturmangfaldlova (2009) sikre at naturen vert teke vare på ved berekraftig bruk og vern, og slik at den gjev grunnlag for menneske sin verksemd, kultur, helse og trivsel. Samla gjev dette grunnlag for ivaretaking av grønstruktur i kommunen sitt planarbeid.

2.3.1 Grønstruktur i kommunen sitt planarbeid

Kommunen sitt planarbeid er forankra i plan- og bygningslova (2008). Lova omhandlar korleis planprosessane med kommuneplanen skal gjennomførast. Det er reglar for korleis kunnskap vert samla inn som utgangspunkt for utforming av planar, og reglar for å senda plansaker på høyring. I denne oppgåva er det mest relevant å gå vidare med kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar, då det er der arealforvaltinga i hovudsak skjer i kommunen. Arealdelen er juridisk bindande, og styrande for behandling av reguleringsplanar.

Reguleringsplan er eit arealplankart som angjev bruk, vern og utforming av areal og fysiske

omgjevnadar (Plan- og bygningslova, 2008, §12-1). Reguleringsplanen fastset korleis området kan brukas, og kva som kan byggjast der. Dei fleste reguleringsplanar vert i dag initiert og utarbeida av private og offentlege utbyggingsaktørar (Holsen, 2020). Kommunen må difor behandla private reguleringsplanar, samt ta stilling til søknadar om disposisjonar frå gjeldande arealplan (Stokke & Movik, 2022). I reguleringsplanar bør ein sørge for å oppretthalde eksisterande grønstruktur, eventuelt etablere ny, eller reetablera tidlegare grønstruktur som har gått tapt (Miljødirektoratet, 2021). Dersom ikkje kommunane maktar å stå i mot framlegg om endring av kommuneplanen sin arealdel, kan det føra til bit-for-bit-utbygging av naturområde.

Alle som fremmar planframlegg skal leggje til rette for medverknad (Plan- og bygningslova, 2008, §5-1). Dette gjeld både for kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar. Oppstart av planarbeidet skal offentleggjerast, og framlegg til plan skal sendast ut på høyring og offentleg ettersyn. På den måten har alle moglegheit til å medverka i planprosessar. Etter medverknad i norsk lovgjevnad, og offentleg medverknad i eit systemperspektiv vil deltaking frå offentlege myndigheter, grunneigarar og utbyggjarar rangerast med tydelegare rettigheitar enn innbyggjarane elles (Holsen, 2021). Potensiale for innbyggjarmedverknad er å få fram fleire interesser, samt at det får fram fleire moglege konfliktar i startfasen av planarbeidet (Stokke & Movik, 2022). I ein god planleggingsprosess vert det lagt til rette for at alle involverte vert høyrt.

2.3.2 Planlegging som prosess

Planlegginga si utfordring er at det er ei handling i notid, tenkt mot ei framtid ein ikkje kjenner (Aarsæther, 2018). Det utfordrar forholdet mellom langsigktige mål og konkret handling, samt lokale og globale omsyn. Kommuneplanen vert utarbeidd i kommuneadministrasjonen. Private aktørar kan framstilla reguleringsplanar, og til sist er det kommunestyret, med folkevalde som vedtek planane (Stokke & Movik, 2022). Korleis spenninga mellom ulike interesser vert ivaretake er påverka av planprosessen.

Miljøspørsmål kan vera so komplekse at det er vanskeleg å presentere konkrete og sikre resultat, noko som er utgangspunkt for kritikk for andre, og då gjerne av dei med økonomisk interesse (Stokke & Movik, 2022). Bay-Larsen (2014) skriv om kunnskapen i norsk

miljøplanlegging, og viktigheita av relevans, truverdigheit og legitimitet. Å sjå på kunnskapen slik opnar opp for å løyse interessekonfliktar, ved å forhindre usikkerheit og ueinigkeit.

Innanfor miljøplanlegging er kunnskap vesentleg for å forstå miljøproblema sin årsak og moglege løysingar, og tanken er at meir kunnskap kan bidra til å fjerne tvil og dempa konfliktar (Stokke & Movik, 2022).

Kommunen kan skaffe oversikt over kva som finnast av kunnskap, og skildre situasjonen ved å kartlegge, observere, intervju, telle, dokumentere og måle (Aarsæther, 2018). Ved sida av dei etablerte og formelle kunnskapstradisjonane, kan ein blant lokal kunnskap knytt til eit område finne taus kunnskap (Aarsæther, 2018). Den uformelle og erfaringsbaserte kunnskapen kan vera ein ressurs i planarbeidet, samt påverke korleis og kva formell kunnskap som vert brukt (Stokke & Falleth, 2010). I Stokke og Falleth sin studie konkludera dei med at engasjement frå lokale aktørar påverkar utfallet av plansaker i friluftsområde, og at bredde i mobilisering på tvers av natur- kultur og friluftsinteresser styrkar gjennomslagskrafta (2010). Studien tyder dermed på at dei formelle planrammene etter plan- og bygningslova ikkje åleine er avgjerande for om eit bynært friluftslivområde vert bevart eller ikkje. I tillegg er utfordringane i planverket ulik logikk mellom politikarar og planleggarar, at folk jobbar ut i frå strategiske handlingar, makt og maktfordeling (Aarsæther, 2018). I samarbeid med andre vil det alltid vera ulike interesser, og interesser som viker frå planen, slik som mellom private utbyggjarar og kommunen i saker om grønstruktur.

I Nordh og Olafsson (2021) sin studie fann dei ut at sosiale verdiar, med spesiell interesse for helse og rekreasjon, samt tilgang til grønstruktur, får størst fokus i grønstrukturplanar. Dei fem mest nemnte tema i planane var helse, rekreasjon, folk sin tilgang til grønstruktur, viktigheita av grønkorridorar, vern av grønstruktur, og støtte til biologisk mangfold og økologi. Ogso Boulton et al. (2018) finn i sin systematiske oversikt at grønstruktur er typisk planlagt ut i frå rekreasjon som tilnærming, på tross av aukande merksemd om ivaretaking av økosystem. Vidare viser studien til at mange stadar oppstår det gap mellom planlagt grønstruktur, og det som faktisk vert utført. Kunnskap blant tilsette vert trekt fram som viktig for å sikra gjennomføring mellom teori og praksis, samt styringsverktøy som lovverk, strategi, planar og retningslinjer (Boulton et al., 2018). Faktorar som lokal økonomi eller lokal politikk kan gå ut over grønstrukturen. Som ein kritikk til at sosiale funksjonar tek stor plass, vert det trekt fram at økologiske verdiar, slik som naturmangfold bør få større plass i planar (Boulton et al., 2018; Nordh & Olafsson, 2021). Thoren (2016) viser i sin studie at når ein argumentera

for grønstruktur, er det ofte grønstruktur utanfor dei urbane områda som ivaretakast, som kan sjåast i samanheng med mål om kompakte byar og tettstadar. Det vil difor vera viktige å læra av dei plansakene som lykkas. Blant anna er grønstruktur eit sentralt tema i kommuneplanen i større byar i Norge, men ikkje tilsvarande for dei mindre stadene som var inkludert i studien (Thoren, 2016). Det forklarast med manglande kunnskapsgrunnlag og sterke pådrivarar blant dei mindre kommunane. Der er nedanfrå og opp tilnærmingar meir vanleg, ved at lokale organisasjonar og enkeltborgarar involvera seg i større grad. Det er lite litteratur som fokusera på konfliktar for implementering av grønstruktur i planlegging, og spesielt for den grønstrukturen som er innanfor byområda (Thoren, 2016). Det er også lite kunnskap om motivasjonen til dei som arbeider med grønstruktur, og korleis dei forheld seg til ulike interesser (Boulton et al., 2018). Planprosessane for å sikre grønstruktur kan vera vanskeleg å gjennomføre, men det finnast ei rekke tiltak, føringar og verkemiddel for å styrkja arbeidet med å ivareta grønstruktur.

2.3.3 Tiltak for ivaretaking av grønstruktur

Regjeringa har eit mål om å auka aktive i friluftsliv. I denne satsinga ynskjer dei å ta vare på og leggja til rette for viktige friluftsområde, at naturen skal i større grad brukas som læringsarena og aktivitetsområde for barn og unge, samt utvikling av grønstruktur for å nå regjeringa sine mål om auka talet på aktive i friluftsliv (Meld. St. 18 (2015-2016)). Det går blant anna på områdesatsing, sti- og løypeplan, statleg sikring og tilrettelegging av friluftslivsområde, sikring av ferdsselsårer i byar og tettstadar eller spillemiddelordning (Klima- og miljødepartementet, 2018). Universell utforming skal etterstrevast, samstundes som det ikkje skal gå utover naturverdiar og kvalitetar for oppleveling. Det seiast at tilrettelegginga kan vera høgare nær befolkningskonsentrasjonar enn i område med meir spreidd busetnad. Grønstruktur kan også vera behandla i reguleringsplanar, grønstrukturplan, markoplan, plan for idrett og fysisk aktivitet eller konsekvensutreiingar (Miljødirektoratet, 2013). Dersom kommunane vel å ha ein kommunedelplan for grønstruktur, kan det gje eit meir detaljert grunnlag for forvalting og drift av grønstrukturen.

For at grønstrukturen skal gjera at det er enkelt og attraktivt å drive friluftsliv og fysisk aktivitet, er det viktig å ha kunnskap om befolkninga sin bruk av område og kva kvalitetar som verdsetjast (Miljødirektoratet, 2014). I den nasjonale databasen Naturbase, kan blant anna kommunane registrera grønstruktur etter Miljødirektoratet sin kartlegging og verdsetting

av friluftsområdet. Oversikta fungerer som kunnskapsgrunnlag og planleggingsverktøy for kommunen, som igjen kan nyttast for å vurdera friluftslivsinteresser opp mot andre interesser i kommunen (Miljødirektoratet, 2013). Det er administrasjonen i kommunen sitt ansvar å setja i gang arbeidet og samla inn data frå arealplanar, kart over sti- og løypenett, barnetråkk, turkart, fylkesdelplanar, ressurspersonar, offentleg og private organisasjonar. Friluftslivområda vert gjeve eigenskapar, og kommunen deler inn etter områdetypar, for so å dela inn i verdiklassar basert på fastsette kriteria. Utover naturen sin betyding for mennesket, har naturen ein eigen verdi, slik måla i Meld. St. 14 (2015-2016) – Natur for livet, legg til grunn.

3.0 TEORI

Kulturelle økosystemtenester vert i oppgåva nytta som teori for å vise samanhengen mellom grønstruktur og helse. Moglegheit for å konkretisere grønstruktur sin betyding for helse, kan vera eit hjelpemiddel i kommunen sitt planarbeid for grønstruktur.

3.1 Verdien av grønstruktur


For å konkretisera verdien av grønstruktur for innbyggjarane nyttast økosystemtenester. Miljødirektoratet definerer økosystemtenester som goder og tenester frå naturen som direkte og indirekte bidreg til menneskeleg velferd (Miljødirektoratet, u.å). Det fyste systematiske arbeidet med økosystemtenester var utført i The Millennium Ecosystem Assessment (2005). Hensikta var å vurdere konsekvensen av økosystemendringar for menneske sin livskvalitet, og gje eit vitskapleg grunnlag for berekraftig bruk av økosistema og deira bidrag til livskvalitet. Fokuset er på korleis økosystem påverkar livskvalitet, og då spesifikt økosystemtenester.

The Common International Classification of Ecosystem Services (Haines-Young & Potschin, 2018) deler økosistema inn i støttande økosystemtenester som er viktig for strukturar, prosessar og funksjonar, som igjen gjer dei tre andre økosystemtenestene, forsyndande, regulerande og kulturelle tenestene mogeleg. Fokuset i denne masteroppgåva vil vera kulturelle økosystemtenester, som er tett knytt til mennesket sin deltaking i naturen.

3.1.1 Kulturelle økosystemtenester

«Kulturelle økosystemtenester inkludera det ikkje-materialistiske relatert til rekreasjon, tilhør, opplevelingar og kunnskap» (NOU 2013:10, 2013). I Fish, Church og Winter (2016)

tek dei utgangspunkt i at kulturelle økosystemtenester bidreg til mennesket i form av å skape identitet, å mogleggjera opplevingar, og evner som kan lærast gjennom interaksjon. Det teoretiske rammeverket dei har utarbeida viser at kulturelle økosystemtenester oppstår i mennesket sin relasjon til naturen, og relasjonen vil variera frå individ til individ.



Figur 1: Rammeverk for kulturelle økosystemtenester (Fish, Church & Winter, 2016).

Rammeverket illustrerer at kulturelle økosystemtenester oppstår i naturmiljøet i seg sjølv, som mogleggjer ulike kulturelle aktivitetar, som igjen kan forma naturmiljøet. Naturmiljøet og aktiviteten som utøvast er gjensidig avhengig av kvarandre. Fordelane som oppstår i interaksjon mellom menneske og naturmiljø er identitet, opplevingar, og evner, og det er assosiert med livskvalitet. Eksempel på naturmiljø, aktivitet og fordelar er skildra nærmare i rammeverket. Forskjellen på tenester og fordelar er at tenestene er ein del av økosystemet dei oppstår i, medan fordelane vert synlege i menneskeleg handling, og det ligg utanfor sjølve økosystemet. Fordelane for livskvalitet kjem altså som eit produkt av tenestene. Tilnærminga er meint for å synleggjere at kulturelle økosystemtenester aktivt skapast og uttrykkast gjennom interaksjon, ikkje at økosystemtenester er eit produkt av naturen som utnyttast til vår fordel. Det er me som er i naturmiljøet, og det er ei gode for oss.

3.1.2 Synleggjering av kulturelle økosystemtenester

Økosystemtenester set lys på ei viktig side av vår avhengigheit av naturen, og gjev eit viktig og relevant tilleggsargument for å ta vare på natur (NOU 2013:10, 2013). For eksempel vil ein systematisk vurdering av dei kulturelle verdiane knytt til økosystem vera til nytte for arealplanlegging (Chan et al., 2012). Medverknad som metode kan få fram verdiar og verdikonfliktar som er involvert i ulike prosessar, og nyttast som eit middel til å sikre involvering og deltaking i avgjersler som angår innbyggjarane sjølve (NOU 2013:10, 2013). Ein annan metode er å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag som seier noko om forholdet mellom kulturelle økosystemtenester, grønstruktur i byar og tettstadar, og deira bidrag til kvalitet og vidare folkehelse (Chen et al., 2019). Cabana et al. (2020) konkludera i sin studie at å kombinere metodar er den beste måten å måle kulturelle økosystemtenester på. I Fish et al. (2016) sin studie kombinerte dei spørjeundersøking, kartlegging, gruppediskusjon og tekstanalysar for å fokusera på lokalt engasjement i eit spesifikt område. Dette fekk fram ulike dimensjonar for verdien av kulturelle økosystemtenester for å forstå prioriteringar for forvalting, og opprette tiltak deretter.

I ein studie gjennomført i Norge trekk dei fram at det er lite kunnskap om ulike grupper sine bruksmønster av ulike typar grønstruktur, kva aktivitetar som utøvast i løpet av året, kva preferansar som er, og korleis ulike tilretteleggingstiltak verkar (Magnussen et al., 2015). Dei anbefala difor at enkle spørjeundersøkingar for å kartleggje kven som brukar ulike typar grønstruktur og i kva samanheng, vil vera eit viktig kunnskapsgrunnlag. Summert er kulturelle økosystem tenester anerkjent som viktige, men slike tenester vert framleis anvendt i mykje mindre grad i forsking og avgjersler, enn meir handgripelege tenester (Chan et al., 2012; Fish, Church & Winter, 2016). Det er behov for å utvikla felles metodar for identifisering og verdisetjing for å integrere økosystemtenestetilnærminga i plansystemet (Hersoug et al., 2019). Og sjølv om kulturelle økosystemtenester er i fokus, må alle økosistema likevel sjåast i samanheng, der både biologiske og naturmangfold påverkar det sosiale og vise versa (Chan et al., 2012).

4.0 PROBLEMSTILLING

Planlegging for grønstruktur er aktuelt, då grønstruktur i mange byar og tettstadar er pressa som fylgje av fortetting og andre interesser. Ut i frå eit folkehelseperspektiv gjev naturen oss goder som er viktig for vår helse og trivsel. Regjeringa vil blant anna skaffa meir informasjon

om korleis den helsemessige betydinga av grønstruktur kan verdsetjast med tanke på planlegging. Vidare er det lite litteratur som fokusera på konfliktar for implementering av grønstruktur i kommunal planlegging, og lite kunnskap om korleis dei som arbeider med grønstruktur forheld seg til ulike interesser. Oppgåva er eit bidrag til manglande kunnskap på området. Formålet med denne studien er difor å undersøkja korleis grønstruktur sin verdi er ein del av kommunen sitt planarbeid, og vidare kva det har og sei for ivaretaking av grønstrukturen.

Problemstillinga er som følgjer:

Korleis vert grønstruktur ivareteke som ein kvalitet for innbyggjarane i kommunen sitt planarbeid?

5.0 METODE

For å svare på problemstillinga nyttast kvalitativ design, med semistrukturert intervju. Kvalitativ metode er valt på bakgrunn av at den er eigna for å utforske individ sin oppleveling eller erfaring av eit forhold (Malterud, 2017). Sidan eg ikkje heilt viste kva eg leita etter, falt valet på ein open og utforskande framgangsmåte, som kvalitativ metode er. Målet i kvalitativ metode er å ikkje leggje føringar på informantane, og som forskar ha ein mest mogeleg induktiv tilnærming til feltet som studerast (Sverdrup, 2020).

5.1 Semistrukturert intervju

Semistrukturert intervju innebar å lage ein intervjuguide med opne svaralternativ, der spørsmål, tema og rekjkjefølgje kan varierast ut i frå intervjusituasjonen (Sverdrup, 2020). Det har i denne studien vore viktig å tilpassa intervjuet for å få mest mogeleg kunnskap om informantane sine eigne erfaringar.

5.1.1 Intervjuguide

Innleiingsvis i intervjuguiden omtalast masterstudien og hensikta med intervjuet, samt definisjon av grønstruktur. Intervjuguiden er strukturert i fylgjande tre tema: «kommunen sitt arbeid med grønstruktur», «verdsetjing» og «ivaretaking av grønstruktur» med tre – fem under spørsmål, sjå vedlegg 1. Spørsmåla er utforma slik at informantane kunne snakka mest mogeleg fritt under dei aktuelle tema. Erfaringar og tilbakemeldingar før og etter intervjuha

bidrege til at intervjuguiden vart utvikla undervegs, slik som formuleringar og rekkjefylgje på spørsmåla. Intervjuguiden vart sendt ut på førehand av intervjuet, slik at informantane hadde moglegheit til å førebu seg til intervjustituasjonen.

5.2 Rekruttering og utval

Det vart i november 2021 oppretta kontakt via e-post med 7 prosjektleiarar i kommunar som deltok i eit anna prosjekt ved NMBU. I e-posten vart det informert om masterprosjektet sin hensikt, og spørsmål om å delta sjølv eller om dei kunne anbefala nokon andre. Det vart lagt ved informasjonsskriv om masterprosjektet «grønstruktur i kommunen sitt arbeid», vedlegg 2. Ingen av prosjektleiarane svarte i fyste omgang. Dette vart fylgt opp i ny e-post i januar 2022, etterfylgt av at eg ringte prosjektleiarane. Då vart to personar rekruttert og intervju gjennomført. Eg fylgde vidare opp ein og ein kommune, som resulterte i ytterlegare to intervju i løpet av februar. Informantane fekk informasjonsskriv når intervjuet var avtalt, og samtykke vart sendt skriftleg tilbake på e-post. Alle intervju varte frå 40 min – 1 time. Med unntak av eit intervju som ble gjennomført i fysisk møte, er alle intervjuet gjennomført digitalt over Teams. Eit intervju var med to deltakarar, dei andre intervjuet var med ein deltakar. Totalt er det dermed gjennomført fire intervju, med til saman fem informantar. Det vart jobba vidare med rekruttering, men det resulterte ikkje i fleire intervju, og til slutt vart datainnsamlinga avslutta i midten av mars grunna denne masteroppgåva si avgrensa tid. Informantane som vart rekruttert er kommunetilsette som er kjent med grønstruktur som del av kommunal planlegging. Dei hadde ulik fagbakgrunn og ansvarsområde i kommunen, fordelt på 1 plansjef, og 4 rådgjevarar. Kommunane er lokalisert på austlandet, der noko kommunar var meir urbanisert i form av tettbygde stader, medan andre hadde mest utmarksområde.

Tabell 1: Oversikt over informantar

	Stilling	Kommunestorleik
Informant nr. 1	Rådgjevar	By
Informant nr. 2	Rådgjevar	Tettstad
Informant nr. 3	Plansjef	Tettstad
Informant nr. 4	Rådgjevar	Tettstad
Informant nr. 5	Rådgjevar	Tettstad

5.3 Intervjusituasjonen

Det var viktig å tilpassa intervjeta sidan informantane hadde ulik fagbakgrunn og stillingar, samt at kommunane har kvar sine utfordringar. Intervjeta vart tatt opp med diktafon-app på eigen telefon via Universitetet i Oslo sin nettskjema løysing. Vidare vart lydopptaka lagra på nettskjema, der det også kan spelast av. Data samlast dermed inn ved hjelp av godkjent utstyr og er lagra etter Norsk senter for forskingsdata sine krav.

5.4 Transkripsjon

Transkripsjon skal mest mogeleg ivareta det opphavlege materialet, slik informantane sine erfaringar og meiningar vart formidla og oppfatta under datainnsamlinga (Malterud, 2017). Transkripsjonen vart gjort rett etter intervju, medan intervjusituasjonen framleis vart lett å hugsa. Lydopptaket vart grundig gjennomgått for å sikre at alt materialet kom med som tekst.

5.5 Analyse

Analysen er gjort som systematisk tekstkondensering, ein aktiv prosess der data brytas ned og kodas, for so å finne eit mønster (Malterud, 2017). Metoden er valt då den er meint å gje innføring i ein analyseprosess som er systematisk og overkommeleg for nybyrjarar.

Fyste steg i analysen innebar å lesa gjennom intervjeta for å skaffa eit heilskapleg inntrykk, og finna foreløpige tema (Malterud, 2017). Eksempel på tema var «stadsidentitet, bruk, kartlegging av grønstruktur, verdsetting av kvalitetar, heilskapleg planlegging, brukarmedverknad og argumentasjon». Desse tema vart notert i ein eigen tabell for kvart enkelt intervju. Me har vore to stykk som har analysert dei ulike delane for å få inn ulike nyansar.

I andre steg vart meiningsberande einingar henta ut, som innebar å finne dei delane av teksten som sa noko om problemstillinga (Malterud, 2017). Meiningsberande einingar frå kvart intervju vart henta ut basert på problemstillinga, samt foreløpige tema frå førre steg. Desse to fyste stega byrja eg på når to av intervjeta var gjennomført. Etterkvart som dei to siste intervjeta var gjennomført, vart dei analysert på same måte. Tema vart vidareutvikla til kodar som skulle presentera ulike sider av problemstillinga. Dette vart gjort undervegs i analysen, og notert i same tabell som fyste steg. Eksempel på kodar var «tidspress, interessekonflikt, verdsetting av kvalitetar og løysingar». Fyst når alle intervjeta var ferdige, byrja eg jobben

med å kode intervjuet på tvers. Det vart gjort med dei meiningsberande einingane i papirform. For å behalde oversikt over dei ulike informantane sine sitat, vart dei meiningsberande einingane merka med fargekodar etter informantnummer. Intervjuet vart lest igjennom fleire gonger, for å sikre at viktig informasjon ikkje vart utelat. Dei ulike kodane i kvart intervju var til slutt samla til «opplevd kvalitet, interessekonflikt og løysing/endring». Andre steg med meiningsberande einingar og kodar, gjekk over i steg tre.

På steg tre skulle meininger frå intervjuet hentas ut ved å kondensera innhaldet i kodegruppene (Malterud, 2017). Kondensat er eit kunstig sitat, som inneheld samanfatta tekst av det informantane har sagt. Som utgangspunkt for kondensat vart kodegruppene fyst delt i 3 – 5 subgrupper, og fekk tilpassa namn etterkvart som gruppering av dei meiningsberande einingane gav meir og meir mening. Dette vart framleis gjort med dei meiningsberande einingane i papirform. Kodegruppene «verdifulle grøntområde, press mot grønstrukturen, utfordringar og føreslårte løysingar for ivaretaking» med tilhøyrande subgrupper, vart til slutt eit kondensat. Sjølvé kondensatet, som vart gjennomført for ei og ei subgruppe, enda med eit illustrerande gullsitat.

I fjerde og siste steg vart kondensata utgangspunkt for å skrive resultatdelen. Det var igjen viktig å sjå på kodane og subgruppene sine namn, før dei til slutt enda som kategoriar i resultatkapittelet. Kategori for «verdifull grønstruktur, press mot grønstruktur og metodar for ivaretaking», er igjen delt opp i avsnitt som viser ulike fokus. Avslutningsvis vart dei ulike informantane sine bidrag inn i resultata vurdert for å passe på at alle er representert, sjølv om nokon fekk meir taletid enn andre. Resultatet formidlar fellestrekke fra informantane, med sitat som eksempel (Malterud, 2017). Skildring av analysen viser utdrag av analyseloggen ved å visa til korleis tema og kodar har utvikla seg undervegs.

5.6 Etikk

Namn og kontaktinformasjon til informantane, samt stemme på lydopptak reknast som personopplysning (NSD, u.å). Prosjektet vart difor vurdert som meldepliktig til NSD og søknaden vart godkjent i november 2021 (referanse nr. 191838). Informasjonsskriv og informert samtykke er utarbeida etter deira krav, sjå vedlegg 1. Informasjonen er deretter behandla med konfidensialitet og anonymitet. I rekruttering og intervju situasjonen, var det viktig å informera om at det var frivillig å delta, og ivareta informantane med spørsmål som

stillast. Eg ynskja ikkje at det skulle opplevast som jobben dei gjorde vart kritisert, men oppnå gjensidig respekt og tillit (Malterud, 2017).

6.0 RESULTAT

I dette kapitelet vert resultatet av intervjuanalysane presentert. Kapitelet byrjar med ei overordna skildring av kva som kom fram i intervjeta om informantane sitt arbeid med grønstruktur. Deretter vil dei tre kategoriane frå analysane presenterast; «*verdifull grønstruktur*», kor informantane har erfart korleis grønstruktur har ulik verdi, som utgangspunkt for ivaretaking. I den andre kategorien vart informantane sine opplevelingar av korleis ulike interesser påverkar ivaretaking av grønstrukturen samla i «*press på grønstruktur*». Siste kategori presenterer informantane sine erfaringar rundt ivaretaking av grønstruktur i samanheng med planar og kunnskap i «*metodar for å ivareta grønstruktur*». Alle dei tre kategoriane hadde ulike fokus, og dette er vist i resultata ved å dele opp i avsnitt innanfor same kategori.

6.1 Arbeid med grønstruktur

Det var einigkeit blant informantane at verdiar knytt til grønstruktur er ein viktig tematikk for å ivareta grønstrukturen, blant anna for å stimulere til fysisk aktivitet, sosialisering og trivsel. Informantane gjev likevel uttrykk for at det er ein ny måte å tenkje på. Om det i det heile teke vert ein måte å jobbe på, so påpeikar dei at det vil ta tid før det kjem inn i kommunen sitt planarbeid. Når det er sagt, jobbar informantane kontinuerleg med å ivareta grønstrukturen, og det gjevast høgt fokus i kommunen sine planar.

Informantane fortel at hovudutfordringa for grønstrukturen er at den forsvinn bit for bit. Dei ynskjer å ivareta grønstrukturen, men ulike interesser for grønstrukturen gjer det utfordrande. Informasjonskjelder som nyttast i kommuneplanane er mest for å kartlegge grønstruktur i kommunane. Kartlegging er då i samanheng med kommuneplanen sin arealdel, med både synfaringar og bruk av kart. Informantane finn også informasjon om grønstruktur i temaplanar og detaljregulering. Verdsetting av grønstruktur er ein mindre kjent måte å jobba på blant informantane, men som kategorien for «*verdifull grønstruktur*» viser, knytte informantane grønstruktur til ulike verdiar.

6.2 Verdiful grønstruktur

I intervjuet snakka informantane om ulike måtar å sjå på verdien av grønstruktur, og kva betyding det har for planlegging. Kategorien er delt i ulike fokus som: «sentrumsnært», «urørt verdi», «nærtur» og «stadsidentitet». For sentrumsnært, nærtur og stadsidentitet er bruk med på å dra opp verdien av områda.

Informantane snakka om verdien av å ha grønstruktur som er «sentrumsnært». Felles for desse områda er at det vektleggast at det er viktig å ha tilbod som er lett tilgjengeleg, blant anna fordi mange av dei som bur sentrumsnært ikkje går so langt. Det kan vera eldre personar eller personar som av andre årsaker held seg nært heimen, men også for å motivera folk til å gå meir. Av den grunn ynskja informantane å sikre areala for å utvikle parkar og friområde, og ta omsyn til universell utforming. Situasjonen er for fleire av informantane at det er ei mangelvare i sentrum, og at det er krevjande å ivareta områda. Grønstrukturen som ligg sentrumsnært får høg verdi:

«So kan du jo sjølv sagt verdsetja dei tiltaka som ligg sentrumsnært litt høgare, for dei er litt meir tilgjengelege for alle» (informant nr. 5).

Dette vert sagt med ei forståing av at det er ein verdi for det som er tilrettelagt sentrumsnært, og ein annan verdi for utmark. Verdien av utmark kom fram i underkategorien «urørt verdi». I dei områda kan det vera spesielle verdiar knytt til naturmangfald, skog og vegetasjon, og det er gjerne i tilknyting til større område. Urørt verdi er også viktig for brukarar som føretrekker mindre opparbeida område, og deira opplevingskvalitet. Informanten skildrar korleis dei tek vare på dette:

«Då er det viktigaste for oss kanskje, at dette berre vert liggande som det gjer. At me ikkje stimulera til alt for mykje ferdsel og bruk i området» (informant nr. 3).

Eit skilje mellom «urørt verdi» og den neste underkategorien «nærtur» er kor mykje områda vert brukt, og at det vert påverka av tilgjengeleghet. Område for nærtur er gjerne meir tilrettelagt. Ein informant reflekterer over betydinga av dei ulike tilboda innanfor grønstrukturen:

«Ogso er det lettast å falle for dei openbare fine områda, men dei ligg gjerne litt unna der folk bur. Det er kanskje ikkje dei som vert brukt kvar dag. Sånn reint sånn kvardagsaktivitetsmessig, so har ikkje dei so stor verdi, som den litt slitne lysløypa. Eller den veldig godt brukte stien, som opplevelsesmessig ikkje er so stor, men som nokon likevel brukar kvar dag, og som helsemessig har stor verdi då» (informant nr. 2).

Sitatet illustrera at høg bruk og tilgjengelegheit er med å gjera «nærtur» verdifull. Vidare vil opplevingar, utsiktspunkt, korridorar, tilrettelagt sti og lysløyper auka verdien av områda. Det vert ogso sagt at nærtur er nytta av skular og barnehagar. Igjen er forklaringa at det er viktig å ha tilgjengeleg grønstruktur som kan brukas utan å køyre bil eller nødvendigvis gå so langt frå heimen. Nærtur er eit prioritert område ved å tilretteleggja for fysisk aktivitet i nærmiljøet gjennom grønstruktur:

«I den eksisterande plan so er eit av innsatsområda å tilrettelegge for fysisk aktivitet i nærmiljøet, då er jo ein av strategiane å oppretthalde og utvikle samanhengande grønnkorridorar i sentrale bustadområde» (informant nr. 1).

Når informantane snakkar om «stadsidentitet» er det grønstruktur som er mykje brukt. Områda har spesiell betyding for innbyggjarane sitt tilhør til kommunen generelt eller i lokalmiljøet. Det er ogso tilfelle der det er område som har meir historisk interesse, der identiteten er viktig, og so er grønstruktur ein del av det. Uansett seiast det at det skapast meir interesse blant lokalsamfunnet og politikarane for dei områda, som igjen gjer at dei områda vert prioritert høgt:

«So det er eigentleg bruk og stadsidentitet, som har mest å sei på kva som vert mest prioritert, og rusta opp og investert i» (informant nr. 1).

6.3 Press mot grønstrukturen

I denne kategorien fortel informantane om korleis grønstrukturen er pressa frå mange hold, dette gjeld frå utbyggjar, brukarar av grønstruktur og internt i kommunen. Utfordringane informantane opplever i den samanheng kjem fram i «*interessekonflikt mellom utbyggjarar og kommunen*», «*interessekonflikt mellom brukarar av grønstruktur*» og «*manglande ressursar*

fører til konflikt». Ulike måtar å sjå på verdien av grønstruktur er noko av grunnen til dei utfordringane informantane erfarer.

Informantane har på ulike måtar opplevd «interessekonflikt mellom utbyggjarar og kommunen». Grønstrukturen er potensielt utbyggingsområde for utbyggjarar og grunneigarar, samstundes som informantane ynskjer å ivareta grønstrukturen som eit gode for innbyggjarane. Dei fortel at utbyggjar eller grunneigar søker om disposisjon for mindre grønstruktur som ligg inneklemt i bebygd strøk eller hytteområde, slik som korridorar eller friområde. Eller at utbyggjar vektlegg eigne interesser i reguleringsplanane sine:

«For utbyggjarane er det mest mogeleg areal til utbygging, og minst mogeleg areal for natur, grønstruktur og desse fellesgodene då» (informant nr. 4).

Som resultat av at grønstrukturen byggjast ut, skildrast det av informantane at tilkomsten mellom det bygde miljøet og naturen vert därlegare. Slik som at område som tidlegare var ein del av turen, no berre er transportetappar, samt at innbyggjarane mistar trygge ferdssårer. Det seiast også at det er med på å skapa større avstandar mellom der innbyggjarane bur og naturen. I interessekonflikten uttrykker informantane at dei legg vekt på å behalda grønstrukturen:

«So der prøver me jo heile tida og behalde dei områda i eit evigheitsperspektiv, for me kan ikkje erstatte dei. Vert det nedbygd so er det uerstatteleg rett og slett, og me har ikkje noko alternativ i nærområdet der då» (informant nr. 3).

Eit typisk argument utbyggjar brukar er at område ikkje vert brukt, at det ikkje har noko verdi slik det er. Informantane si erfaring er at dei har kunnskap som kan visa miljøkonsekvensane, men at det er ikkje like lett å bevisa at området vert brukt. Men å engasjera brukarane det gjeld, høyringar, eller registrera bruk kan vera metodar for å fange opp bruk. Ein informant sa:

«Det er ikkje alltid det er lett å motbevisa dette med bruk då for kommunen. Karbonlagring og naturmangfold kan me jo, det ligg jo kunnskap på det, men det er ikkje so lett for kommunen å vite at området faktisk blir brukt då» (informant nr. 4).

«Interessekonflikt mellom brukarar av grønstrukturen» oppstår ogso når grønstrukturen er pressa. Konflikten er både mellom innbyggjarar og utbyggjarar og mellom ulike brukarinteresser og kommunen. Interessekonflikt vert for eksempel synleg når viktige friluftsområde skal byggjast ned. Ein del av utfordringa som kom fram var at brukarmedverknaden og engasjementet ofte ikkje starta før utbyggjar byrja å grave i eit mykje brukt område. Det kan då vera at det har vore vedtatt og regulert nokon år, men at brukarane fyst ved utbygging ynskjer å gje tilbakemelding på bruk av området:

«Det er jo når utbyggjar kjem og byrjar og grave i eit område som folk brukar mykje. Det er då engasjementet startar, dessverre litt for seint» (informant nr. 2)

Det oppstår og interessekonflikt mellom brukarorganisasjonar og informantane sine synspunkt og verdiar på korleis grønstrukturen skal nyttast. Brukarorganisasjonane skildrast som sterke organisasjonar, som ofte vinn fram med sin historie og argumentasjon:

«Utruleg kva folk får seg til å gjera, viss det gjerar i friluftslivet sitt namn, og igjen, viss dei då i tillegg kan argumentere med at dei tilrettelegg for barn og unge, eller andre, so får dei jo nesten lov til å gjera kva som helst» (informant nr. 2).

I samanheng med tilrettelegging vart det påpeika at ein ikkje alltid treng å utvikle eit friluftsområde, men heller la det utvikla seg naturleg. Slik som tidlegare nemnt at grønstruktur har ein verdi i å vera urørt. Informantane ynskjer å retteleggja grønstrukturen, samstundes som det meinast at det er viktig å ha ulik grønstruktur, og i mindre grad ta dei urørte områda i bruk.

Angåande «manglende ressursar fører til konflikt» snakkar informantane på ulike måtar om korleis det påverkar ivaretaking av grønstruktur. Det vert trekt fram som eit resultat av at kommunane er pressa på tid og ressursar, og at det handlar om prioriteringar. Mangel på kunnskapsgrunnlag vert forklart som ei årsak til at kommunen aldri ligg i forkant. Det fører også til at mykje av avgjerslene vert teke ut i frå synsing, i staden for å vera kunnskapsbaserte. Informantane gav ogso uttrykk for at noko av utfordringa i planverket og planarbeidet er at val vert teke utan målsetting. Felles for informantane er at dei legg vekt på at det i mange tilfelle er politiske grunnar til dei vala som takast, og det kan vika frå det dei med fagbakgrunn har anbefalt:

«Ogso er det jo til sjuande og sist, so er det på ein måte politikarane som bestemmer. Det kan jo hende at dei gjer andre val og prioriteringar, enn det me foreslår då, sjølv sagt» (informant nr. 3).

Då er det for eksempel kroner og øre som er avgjerdande for ein kommune med pressa økonomi. Engasjement for grønstrukturen er der, men det skildrast som ulike syn og argument på kva som er best løysing, og at faktisk handling i nokon tilfelle er pragmatisk i den forstand.

6.4 Metodar for å ivareta grønstrukturen

Fylgjande kategorien inneholder informantane sine erfaringar med å ivareta grønstrukturen, som også fungerer som kunnskapsgrunnlag. Innanfor det nyttast det ulike metodar, der samarbeid, nettverk, tværfagleg arbeid og tilsette sin kunnskap vert sett på som sentralt for vellukka prosessar. Metodane er presentert i ulike avsnitt *«overordna planarbeid som metode»*, *«verdsetting av viktige friluftsområde som metode»*, *«medverknad som metode for ivaretaking»* og *«å skape forståing»*.

Under *«overordna planarbeid som metode»* fortel informantane at dei prøver å sikre grønstruktur via plan. I fleire kommunar har dei i planverket registrerte område som er friluftsliv og statleg sikra område. Elles er også temaplanar for sti- og løype eller klimaplan nytta. I utarbeiding av plan var det ulike kunnskapsgrunnlag som låg til grunn. Arealregneskap som kunnskapsgrunnlag synleggjera kor mykje av dei ulike planane som er grønstruktur, og kva det inneber. Å jobba kunnskapsbasert vert sett på som ei hjelp for kommunane og politikarane for meir målretta arbeid, samt at det letta arbeide i utforming av planane. Ei annan forbetring kan vera å setja krav i overordna plan for ein viss prosent med grønstruktur, nytta rekkjefylgje krav i større grad, eller knytte krav opp til utbyggingsavtalar. Som ein sentral del av gjennomføringa av tiltaka, fortel informantane om føringar ovanfrå, både frå regjeringa, statsforvaltaren og fylkeskommunen. Sterkare statleg styring vert trekt fram som einaste hjelp, sidan dei fleste avgjerslene er innanfor kommunen si eiga interesse og myndigkeit. På mange måtar verkar sikring gjennom plan:

«Det skal vera godt vurdert og grunngitt for å gå inn for utbygging utanfor dei områda delplanen har avklart for utbygging. So det blir jo på ein måte sikra gjennom det då»
(informant nr. 4)

For «verdsetting av viktige friluftsområde som metode» fortel informantane om erfaringar med å kartleggja og verdsetta friluftslivområde etter Miljødirektoratet sin mal. Då får element ved grøntområda i bebygde strøk ein samla vurdering etter rekreasjon, oppleving, naturmangfald og korridorar for trygg ferdsel. Verdsettinga er for eksempel basert på medverknad, tilsette sin kompetanse eller lokal kunnskap om områda. Metoden gjev oversikt over viktige friluftsområde sin verdi, og fungerer som eit grunnlagsmateriale i arealplanlegginga. Det som er klassifisert som svært viktig friluftslivsområde får ein høg verdi, og gjer at det skal vera vanskeleg å få aksept for å byggje noko i dei områda:

Den blir brukt som eit grunnlag då, i verdsettinga so ligg for eksempel brukshyppighet og bruksmengde, det er med på å dra opp verdien av et mye bruk friluftslivsområde (informant nr. 2).

Informantane er van med å vektlegge dette grunnlagsmaterialet for å ivareta friluftsområde. På den andre sida seier ein informant at verdsettinga legg veldig vekt på bruken, og mindre på opplevingskvalitet, naturmangfald og friluftsliv, og ser på det som ei svakheit med metoden. Det er heller ikkje alle informantane som er kjent med verdsettinga, og meiner dermed at verdsettinga ikkje har hatt noko særleg innverknad på ivaretaking av grønstruktur.

For «medverknad som metode for ivaretaking» høyrer kommunen på befolkninga. Informantane foreslår at ved å spørje kva innbyggjarane ynskjer å bruke grønstrukturen til, eller kva kvalitetar innbyggjarane ser etter i eit område, kan det vera ein annan måte å ivareta grønstrukturen på. Ein informant sa:

«Viss me klarar det, so tenker eg at det vert lettare å kommunisere ut kva ting skal vera, kva skal det regulerast til, kva skal me, korleis skal me handtere det» (informant nr. 2).

I ein medverknadsprosess kom det fram kva kvalitetar innbyggjarane såg i eit område, når dei var spurt kva som skulle til for at parken skulle brukas meir. Det som kom fram var sosialisering, tilgjenge og stemning. Liknande tilfelle har kome fram i andre

medverknadsprosessar ogso, med varierande metodar lokalt, som folkemøter, å spørje folk direkte eller på melding, opne rom, barnetråkk eller ved å engasjere skulen. I ettertid var det viktig å tilrettelegge deretter, slik at området ikkje mista dei kvalitetane som ein del verdsette, samstundes som andre interesser ivaretakast. Det seiast vidare at medverknad er viktig for å svare til det innbyggjarane ynskjer, og slik området vert brukt, og at det skal resultera i kjappe resultat.

I fokus på «å skape forståing» fortel informantane om erfaringar med å ta vare på grønstrukturen, og korleis kommunen kan bruka verktøya dei har. Eit fokusområde er å sikra områda gjennom å snakke om karbonlagring og klimatilpassing som ein buffer, og so kjem opplevingar, rekreasjon og naturmangfald med som ei gode. Ved å synleggjera konsekvensen av det som skal skje i større grad, både til brukarar og politikarar, skapast den nødvendige dimensjon for forståing. I møte med utbyggjarar og politikarar kjem det fram at ein god dialog er viktig for å synleggjere verdien av grønstruktur, og at dette kanskje vert viktigare og viktigare inn i framtida. Dette kjem ogso fram i sitatet:

«Det er jo det å prøve ovanfor politikarane å synleggjera kor viktige slike område er då, og kor viktige det er å behalde dei for framtida» (informant nr. 3).

Eit syn er at det hjelper å snakke om klimatilpassingar fordi ein kan forklare det med ein verdi som kan verdsettast i krone/øre. Når det gjeld at folk ynskjer å bruke området, vert det sagt at det bør snakkast meir om og vektleggast meir, men at det er lettare å snakke om etter at miljøkonsekvensane er presentert. På den andre sida er opplevinga at verdsetting etter bruk er det politikarane forstår, for det gjeld innbyggjarane.

7.0 DISKUSJON

Hovudfunna frå denne studien er dei tre kategoriane «*verdifull grønstruktur*», «*press på grønstruktur*» og «*metodar for å ivareta grønstruktur*». Fyste kategori «*verdifull grønstruktur*», tar for seg erfaringar rundt ulike måtar å sjå verdien av grønstruktur, og kva det har og sei på prioritering i kommunen sitt planarbeid. Kategori for «*press på grønstruktur*» handlar om korleis ulike interesser påverkar ivaretaking av grønstrukturen. Siste kategori viser ulike «*metodar for å ivareta grønstruktur*», og kunnskapsgrunnlaget det inneber. I diskusjonen er bakgrunn og teoridelen i oppgåva nytta for å diskutere resultata i lys av

eksisterande forsking. Kapittelet byggjer vidare på kategoriane frå resultatet, og er presentert under to delkapittel (7.1 og 7.2).

7.1 Korleis grønstruktur sin verdi påverkar ivaretaking

I kategorien «verdifull grønstruktur» skildrast det korleis grønstruktur har ulik verdi og kva det har å sei for kva kvalitetar som prioriterast i planlegginga. Resultat for sentrumsnær grønstruktur viser at det var viktig grunna innbyggjarane sin moglegheit til å nytta parkar og friområde i kort gåavstand, grunna mange av dei som bur sentrumsnært bevegar seg i korte avstandar. Tilsvarande viser ein studie at tilgjengeleg grønstruktur påverkar sannsynet for å utøva fysisk aktivitet, men også kor mykje området vert brukt (Coombes et al., 2010).

Sentrumsnær grønstruktur mogleggjer meir bruk, med lett tilgjengelegheit, og universelt utforma område. Det er også dei områda som er mest pressa (Thoren, 2016), men tilknyting til stadar påverkar prioritering.

Resultat viser at grønstruktur som er forbundet med «stadsidentitet» vert prioritert i planlegginga, grunna engasjement frå lokalsamfunnet, både for ivaretaking og tilrettelegging. For ivaretaking kan stadsidentitet påverka korleis grønstruktur vert ivareteke, gjennom utvikling av tilhøyre og tilknyting til området (Fish, Church & Winter, 2016; Stokke & Falleth, 2010). Som også resultatet visar, kan sjølve identiteten vera meir knytt til lokalbefolkinga sin bruk og aktivitet i friluftsområdet, enn dei faktiske kvalitetane på staden (Stokke & Falleth, 2010). Resultat for både «stadsidentitet» og «nærtur» viser at det er grønstruktur som er mykje brukt, og difor av høg verdi. Dette kan gjerne vera same område, då bruk påverkar identitet. Det kjem fram av resultatet i «nærtur» at grønstrukturen vert prioritert som ein kvalitet for innbyggjarane gjennom tilrettelegging i plan, blant anna for auka fysisk aktivitet. Som Lee et al. (2015) seier i sin studie, vil forbetra tilgjengelegheit mest sannsynleg leda til meir bruk.

Urørte område vart framheva i resultatet som verdifull, sidan det ikkje er tilrettelagt og mindre tilgjengeleg. Som nemnt i «urørt verdi» kan det for naturen sin del vera bra at det er færre brukarar i nokre område, slik at mest mogeleg av naturen vert intakt på naturen sine premissar. Det er i samsvar med teorien til Fish, Church og Winter (2016), som skildrar at naturen er eit gode for mennesket, der me er ein del av naturen. I handlingsplan for friluftsliv står det at graden av tilrettelegging vil kunne påverke kvalitetar for oppleveling, og mange

føretrekker å utøve friluftsliv i område med høg tilrettelegging (Klima- og miljødepartementet, 2018). Både sentrumsnært, nærtur og urørt verdi gjev moglegheit for opplevingar skildra i kulturelle økosystemtenester, eksempelvis kan ein fordel for oppleving inkludera kjensler av ro eller entusiasme i møte med spesielle eigenskapar ved naturen, eller ein oppleving av at naturen er estetisk fin (Fish, Church & Winter, 2016). Vidare gjev områda moglegheit for aktivitetar som resultatet tilseier er verdsett av innbyggjarane, slik som utsiktpunkt, tilrettelagt sti og lysløyper. Tilsvarande er den vanlegaste årsaka til å oppsøka grønstruktur rekreasjon (Boulton et al., 2018). Når «nærtur» som eit område nyttast av skule og barnehagar, kan det vere for kunnskapsinnhenting, og utvikling av barn sine ferdigheiter som ein fordel av kulturelle økosystemtenester (Fish, Church & Winter, 2016).

Grønstrukturen er dermed ein viktig læringsarena. Det viktigaste er å planlegge for å ha ulike tilbod som svarar til brukarane sine ynskjer og behov (Boulton et al., 2018), som igjen er eit viktig grunnlag for ivaretaking av grønstruktur. Å ivareta dei nemnte kvalitetane er med å skapa eit helsefremmande nærmiljø, slik som Bergem et al. (2019) viser at grønstruktur er ein kvalitet i nærmiljøet.

7.2 Ivaretaking av grønstruktur i kommunen sitt planarbeid

Resultatet i kategorien «press mot grønstrukturen» viser at hovudutfordringa for å ivareta grønstruktur er ulike interesser. Grunnlaget for det er ulike verdiar forbundet med grønstruktur, slik som økonomiske fordelar eller eit gode for innbyggjarane. Som det kjem fram i «utbyggjar i konflikt med kommunen» kan argumenta retta seg mot at område ikkje vert brukt. Resultatet viser at det er lettare å bevise konsekvensar for klima enn verdien av bruk og opplevingar, slik som at økonomiske omsyn, og inntekt til kommunen veg tyngre enn mål for sosiale aspekt ved ein stad (Boulton et al., 2018; Aarsæther, 2018). Resultatet viser også at utbyggjar eller grunneigar søker om disposisjon for mindre område slik som sentrumsområde, eller at dei vektlegg sine interesser i utforming av reguleringsplanar.

Møglegheit til å fremme planframlegg frå private er ein del av plansystemet for å gje meir fleksibilitet i planlegginga (Holsen, 2021), og det er tilpassa etterspurnad. Vidare vil dei ulike partane sine evner og velvilje til å forhandle vera avgjerande for utfallet (Holsen, 2020). For eksempel vert det foreslått at ved å fokusera på interesser, opnar det for møglegheitar for å finne løysingar og endra syn slik at alle partar finn løysingar som gagnar dei. Kulturelle økosystemtenester fremmar fokus på å synleggjere interesser for rekreasjon i grønstruktur (Fish, Church & Winter, 2016).

I resultat for «interessekonflikt mellom brukarar og kommunen» er erfaringa at brukarane av områda engasjera seg når deira interesser er trua, slik som nærtur eller andre mykje brukte område. Engasjementet kan vera på brukarane sitt eige initiativ, eller at kommunen ber aktuelle brukarar uttala seg om ei sak. Tilsvarande seier Hanssen et al. (2015) at involvering av sivilsamfunnet vil i hovudsak bestå av at organiserte interesser informerast og inviterast til å spela inn, og at naboor kan ivareta sine eigendomsinteresser. Det er med å skapa eit skilje mellom dei ulike interessene, når innbyggjarane vert inkludert seint i prosessen, medan utbyggjarar har engasjert seg mykje tidlegare i prosessen, og ofte på eigne premissar (Aarsæther, 2018). Resultat frå interessekonflikta viser at engasjementet for å ivareta grønstruktur ofte startar når konsekvensen av det som skjer vert synleg. Det kan difor vera vanskeleg å skape engasjementet blant innbyggjarane tidlegare, sidan engasjement ofte kjem når konkrete saker kjem på dagsorden, ikkje planar i seg sjølv (Inch, 2014). Stokke og Falleth (2010) fremmar at eit nettverk og mobiliseringsperspektiv gjev eit naudsynt supplement til den tradisjonelle planforståinga kor medverknad frå lokalbefolkinga ofte er avgrensa til høringsuttalar seint i planprosessen. Engasjementet som skapast kan vera eit teikn på tilhøyr til staden, og ei oppleving av å mista kvalitetar og identitet ved staden (Aarsæther, 2018), som også er sentralt i Fish et al. (2016) sin studie om kulturelle økosystemtenester.

Utover utfordringane med utbyggjarar og brukarar skildrast det i resultatet «manglande ressursar fører til konflikt» at avgjersler til sjuande og slutt er politisk styrt. Likeins seier Knudtzon (2019) at det er valde politikarar som let private kvalitetar settast framfor kollektive kvalitetar, slik som grønstruktur. I plansystemet ligg det til grunn at det skal vera demokratisk styrt (Plan- og bygningslova, 2008), noko som gjev eit stort ansvar til politikarane. Resultatet viser og til at manglande ressursar internt i kommunen, kan gå utover kunnskapsgrunnlaget. Engasjement for grønstruktur er der, men vert ikkje heilt prioritert likevel, kanskje som ei årsak for at oppgåver innanfor definerte ansvar- og kompetansesektorar får lettare gjennomslag enn oppgåver for grønstruktur som går på tvers av sektorar (Skjeggedal et al., 2019). Eller som Stokke og Movik (2022) viser til at utfording innanfor miljøplanlegging er at den er prega av «silotankegang», som vil sei at forskjellige avdelingar sit på kunnskap utan at det delast med kvarandre. Det viser viktigheita av samarbeid og nettverk i kommunale planprosessar. På den andre sida kan meir kunnskap ofte skaffe fram fleire motførestillingar og skape tvil om kva som er beste løysing (Aarsæther, 2018).

I kategorien «metodar for å ivareta grønstrukturen» er kunnskapsgrunnlag for grønstrukturen sentralt. Og som resultatet for «å skape forståing» viser, er det viktig å få fram kva konsekvensar som kan koma med at grønstrukturen forsvinn. Slik som at noko må få direkte fylgjer før innbyggjarane engasjera seg, kan handla om innbyggjarane sin forståing av konsekvensen. Eller at forståing for klimatilpassingar blant politikarane kan sjåast i samanheng med moglegheit for å setja ein økonomisk verdi, ettersom det som kan talfestas ofte vert veklagt meir enn det som framstillast som lokal kunnskap (Aarsæther, 2018). For forståing av bruk, viser resultatet delte syn. For eksempel kan bruk talfestast, men metodane for å synleggjere byggjer gjerne på lokalkunnskap. Det er i samsvar med studiar som viser at kulturelle økosystem tenester er anerkjent som viktige, men at slike tenester framleis vert anvendt i mykje mindre grad i avgjersler, enn tenester som går på klimatilpassing (Chan et al., 2012; Fish, Church & Winter, 2016). Kunnskapsgrunnlaget i planlegginga har betyding for ivaretaking, samt korleis ting vert veka i forhold til kvarandre.

Resultatet frå «overordna planarbeid som metode» viser at det er mykje brukt for ivaretaking, gjennom kommuneplanen sin arealdel, statleg sikra område, eller kommunedelplanar. Det bekreftar at kartfesta miljøkunnskap får meir plass i avgjersler, ved å innehalda relevans, truverdighet og legitimitet (Bay – Larsen, 2014). Når det gjeld «verdsetting av viktige friluftsområde som metode», gjev den blant anna kunnskap om bruk, som er med å dra opp verdien av eit friluftsområde. Verdi for friluftslivseigenskapar i oversikta samsvarer med kulturelle økosystemtenester sine fordelar for opplevelingar, kunnskap og evner (Fish, Church & Winter, 2016). Å nytte «medverknad som metode for ivaretaking» viser at den uformelle og erfaringsbaserte kunnskapen, også kan vera ein ressurs i planarbeidet (Stokke & Falleth, 2010). Når innbyggjarane vert spurt om kva kvalitetar dei set pris på, er det med å sei noko om kva kvalitetar som settast pris på etter kulturelle økosystemtenester (Chen et al., 2019), som igjen gjev grunnlag for planlegging av området.

Gjennomgåande i resultatet kjem det fram at talfesta kunnskap vektast tyngre enn kunnskap for sosiale aspekt for grønstruktur, slik som Bay-Larsen (2014) seier at subjektiv kunnskap vert mindre veklagt enn naturvitenskapleg kunnskap. Når det er kjent at grønstruktur har positiv verknaden på folk si helse (Fish, Church & Winter, 2016), samt det ansvaret kommunane har for å ivareta grønstrukturen, kan kulturelle økosystemtenester framstilla sosiale aspekt på ein organisert måte. Kulturelle økosystemtenester vektlegg det sosiale ved økosystemtenestene, ved å konkretiserer kva betyding interaksjon mellom natur og menneske har å sei for helse og

livskvalitet (Fish, Church & Winter, 2016). Å kartleggja etter kulturelle økosystemtenester kan difor vera eit tilleggsargument for å ivareta grønstrukturen (NOU 2013:10, 2013). I metodar for å verdsette kulturelle økosystemtenester trekkas brukarmedverknad fram som sentralt (Chan et al., 2012). Potensiale for medverknad er at det kan få fram verdiar og verdikonfliktar som er involvert i ulike avgjerdss prosessar, og nyttast som eit middel til å sikre involvering og deltaking i slutningar som vedkjem innbyggjarane sjølve (NOU 2013:10, 2013). Samstundes er medverknad utfordrande, då folk ofte ikkje ynskjer å involvera seg, eller berre dei same stemmene kjem fram (Stokke & Movik, 2022). Cabana et al. (2020) meiner at å kombinere metodar er den beste måten å synleggjere kulturelle økosystemtenester på. Det kan for eksempel vera brukarmedverknad og kartlegging av bruk.

På den andre sida finn studiar at verdiar for helse, rekreasjon og tilgjenge er dei verdiane som får mest fokus i planar (Boulton et al., 2018; Nordh & Olafsson, 2021). Det vil difor sei at dei verdiane prioriterast, som også resultatet for «verdifull grønstruktur» viser. Resultat for «press mot grønstruktur» viser at det er vanskeleg å gjennomföra i praksis, i samsvar med studiane. Det er interessant med denne diskusjonen sitt fokus, kor verdiar for innbyggjarane har blitt vektlagt som utfordrande å bevisa. Nordh og Olafsson (2021) påpeikar at det er viktig å kvalitativ utforske kvifor sosiale aspekt dominera måla i grønstrukturplanar på kommunenivå. Ut i frå resultatet i «verdifull grønstruktur» ser det ut som at grønstruktur sine kvalitetar vert ivaretake i samanheng med nasjonale mål for folkehelse og friluftsliv, slik som planar for fysisk aktivitet og statleg sikra friluftsområde. Då ligg det til grunn at tilgang til natur og naturopplevelingar bidrar til god livskvalitet og har positive helsemessige verknadar (Meld. St. 18 (2015-2016)). Arealdelen kan på den måten nyttast til meir langsiktig og konkret arbeid med folkehelse i plan (Hofstad, 2018). Thoren (2016) konkludera i sin artikkel at det er nødvendig at det nasjonale nivået er meir involvert med føringar og rettleiing.

Det er igjen mest knytt til planar, og ikkje kva som skjer i praksis. Resultat for «manglande ressursar fører til konflikt» viser at noko av utfordring i planverket er at val vert teke utan målsetting. Det kan forklara noko av utfordringa mellom planar og praksis, og som Skjeggedal et al. (2019) skriv er det behov for argumentasjon og dokumentasjon av standpunkt med referanse til kunnskap. Oppgåva sin diskusjon om «metodar for ivaretaking» viser eksempel på å knytte kunnskapsgrunnlag opp i mot planprosessar. Det kan nyttast som eit argument for å gje tyngde for å ivareta kvalitetar knytt til grønstruktur ut over det som står i planane. Men som det kjem fram i resultat for «å skape forståing», er det lettare og

argumentere med klimatilpassingar for å ivareta grønstruktur, og so kjem andre gode for grønstruktur med som ein del av det. So kanskje det viktigaste er å finne løysingar som ivaretak grønstrukturen generelt. For folkehelsearbeidet sin del vil det uansett gje tilgjengeleg grønstruktur, som er forbundet med fysisk aktivitet, sosial kontakt og stressreduksjon (Hartig et al., 2014; Markevych et al., 2017). Hunter et al. (2017) viser at tilgang til grønstruktur i nærmiljøet kan vera eit folkehelsetiltak ved å vera ein stad å oppleva tilhør og tillit i nærmiljøet, og skape grunnlag for forståing av og engasjement for kvifor det er viktig å ta vare på natur. Det kjem fram i resultatet at grønstrukturen prioriteras for innbyggjarane, og etter Fugelli og Ingstad (2001), har det betyding for folk sin oppfatning av helse og trivsel, ved å høyre til i naturen og å vera i naturen. Folkehelsearbeid innanfor grønstruktur er eit viktig bidrag til å oppretthalde god folkehelse.

7.3 Metodediskusjon

Metodediskusjonen tek for seg validitet for å vurdera kva studien kan sei noko om, og kva overførbarheit resultatet har utover funna i studien (Malterud, 2017). Intern validitet handlar om studien er basert på relevant framgangsmetode. Ekstern validitet handlar om studien sin kontekst, og seier noko om overførbarheit til andre situasjonar.

Rekruttering av informantar var utfordrande, noko som gjer at innhaldet i datamaterialet er forholdsvis lite og tynt, med fem informantar. Dei informantane som vart rekruttert hadde der i mot relevant erfaringar til å svara på spørsmål, og sånn sett sikra det intern validitet. Men det hadde vore hensiktsmessig for studien sin eksterne validitet med fleire informantar, ved at meir informasjon kan lettare overførast til andre situasjonar. I sjølve intervjuasjonen var det vanskeleg å tilpassa intervjuet etter informantane sine erfaringar, sidan dei hadde ulik bakgrunn, samt at kommunane har kvar sine utfordringar. Det kan ha svekka kvaliteten på intervjuet, ved at informantane sat igjen med relevant erfaring som ikkje vart formidla. For å få mest mogeleg ut av intervjuet vart det sendt ut intervjuguide på førehand, slik at informantane viste kva som skulle kome.

Som utgangspunkt for analysen var transkripsjonen ein god start. Det kravde ein del tid å transkribere intervjuet, men det har auka kvaliteten på analysen sidan det frå tidleg av vart arbeid tett med materialet. For å sikre den interne validiteten var me to som analyserte intervjuet, for å sjå flest mogeleg nyansar i datamaterialet. Analyselogg har vore nyttig for

refleksjon undervegs, og styrkja kvaliteten ved å ha moglegheit til å sjå tilbake på val som var teke. Ny kunnskap har utvikla problemstillinga undervegs, og gjeve ei meir presis problemstilling for hensikta. Det har vore viktig at informantane framstillast på ein god måte, slik at dei kjenner seg igjen, samtidig som det er ein forskingsprosess som opnar for tolkingar (Malterud, 2017).

Datainnsamlinga gav kunnskap om «verdifull grønstruktur, press mot grønstruktur og metodar for å ivareta grønstruktur», basert på dei erfaringane informantane har. På grunn av at utvalet ikkje er større, er poeng som berre er sagt av ein person teke med i resultatet. Det avgrensar difor studien sin eksterne validitet på kva studien kan sei noko om (Malterud, 2017).

Teoretiske perspektiv bidrege til kritisk distanse og samanliknings grunnlag ut over denne studien. For eksempel er kulturelle økosystemtenester inkludert i oppgåva, då den er eigna for å vise samanhengar mellom grønstruktur og livskvalitet, samt å vera eit kunnskapsgrunnlag som kan nyttast i avgjersler. Erfaringane som informantane har frå deira kommunar er eit innblikk i ein situasjonen, og teoretiske perspektiv er med å styrkja funna sin overførbarheit til liknande situasjonar. Teorien om kulturelle økosystemtenester seier der i mot ikkje noko om planlegging i praksis, sjølv om mykje av datamaterialet i oppgåva handlar om dei utfordringane som kommunetilsette opplever i planprosessar. Det kunne vore interessant å inkludera planteoretiske rammeverk i diskusjonen. For oppgåva sine avgrensingar, falt valet på å halde tema mest mogleg innanfor folkehelse.

Valet av kvalitativ metode, med semistrukturert intervju var frå tidleg av valt som beste framgangsmåte for å svare på problemstillinga. Dette grunna ein open tilnærming og nærliek til feltet (Malterud, 2017). I ettertid ser eg at fokusgruppeintervju kunne vore ein alternativ framgangsmåte. Blant anna vart det eine intervjet gjennomført med to personar, og det gav ein annan dynamikk, og fremma meir refleksjon mellom informantane. Sidan problemstillinga dreiar seg om utfordringar innanfor kommunen, kunne det fått fram fleire perspektiv. Fleire perspektiv kunne ha styrkja kvaliteten på studien, ved å gje meir informasjon. Ein annan tilnærming kunne vore å inkludert dokumentanalyse, for å samanlikne datamaterialet med kommunane sine planar. Det kunne igjen enda i ein omfattande prosess, innanfor dei tidsavgrensingane denne masteroppgåva har. Fokusgruppeintervju seiast og å vera ekstra krevjande å gjennomføra for nybegynnalar (Malterud, 2017), og det kunne enda med intervju som gav lite informasjon. So når det var krevjande nok å gjennomføra intervju i seg sjølv, ser eg framleis på semistrukturert intervju som beste framgangsmåte.

Vidare har min forforståing vore svært sentral i forskinga, som anna kvalitativ forsking (Malterud, 2017). Det har både farga studien sin utforming, og gjennomføring. Allereie baserte val av tema seg på eit ynskje om å sjå på samanhengen mellom klima og folkehelse i eit berekraftperspektiv. Utgangspunktet var å læra meir om kvifor naturen byggjast ned, og kva som kan gjerast for å unngå det. Etter å ha lest om kulturelle økosystemtenester opna det for metodar for å synleggjera verdien av natur. I forhold til folkehelse, ser eg på det som viktig helsefremmande arbeid. Forforståinga kan farga studien ved å søke stadfesting på at det er viktig, og vera ekstra kritisk til arbeidet som vert gjort som ikkje stemmer med det. Det kan også forsterka tillita til dei som er einig med meg, og som samtidig har mykje kompetanse på området. Forforståinga kan svekka validiteten på studien, ved å forhindra openheit. Sjølve feltet for kommunal planlegging har eg lite kunnskap om frå før av. Eg har difor mått lest meg opp på communal planlegging, noko som gjer at bakgrunnen er ut i frå eit nokso teoretisk perspektiv. Ulempa med å vera ny på feltet er at spørsmål i intervju og organisering av studien vart avgrensa av min kunnskap. På den andre sida kan det vera ein fordel, ved at det er lettare å gå inn med ein meir open og nysgjerrig tilnærming. Ideelt sett hadde det vore betre med meir kunnskap på området for validiteten sin del, og då generelt treffa betre med spørsmål og oppbygging av studien (Malterud, 2017).

For å motverke mi forforståing har empiriske data vore viktig for å best mogeleg reflektere deltakarane sine erfaringar og meininger på ein nøytral måte. Eg har so langt det lar seg gjera haldt meg i bakgrunnen, men eg er bevisst at eg aldri vil vera usynleg. Difor er det betre å vera bevisst mi rolle, sjå tilbake og stille spørsmål til det som er gjort. Samarbeid med andre gav nye inntrykk underveis, samt at prosjektet måtte formidlast på ein tydeleg måte til informantane. Det har vore nyttig for eigen refleksjon underveis, og utvikla prosjektet etterkvart som nye utfordringar kom opp. Uansett kva forskingsmetode som vert brukt eller kva slags forskingsprosjekt som skal gjennomførast, vil forskaren som person påverka forskingsprosessen og den sitt resultat (Malterud, 2017). Tolking av materiale er ut i frå mitt perspektiv, men validiteten står på openheit av forforståingar og skildring av val som er gjort, for å vise bakgrunnen for akkurat dette resultatet. Resultatet i studien er av liten skala, og gjev fyst og fremst eit innblikk i arbeidssituasjonen til informantane. Samstundes belyser det deira erfaringar, og dermed nye perspektiv.

8.0 KONKLUSJON

Studien har teke for seg korleis grønstruktur vert ivaretake som ein kvalitet for innbyggjarane i kommunen sitt planarbeid. Utgangspunktet er at grønstruktur har positive verknadar på helse og trivsel, blant anna gjennom fysisk aktivitet, sosial møteplass og stressreduksjon.

Grønstruktur sine kvalitetar for innbyggjarane ivaretakast gjennom prioritering i kommunen sitt planarbeid. Statleg styring, kunnskapsgrunnlag og lokalt engasjement styrkar ivaretakinga. Utfordringane ligg fyst og fremst i samanhengane mellom det som står i planane og kva som skjer i praksis. For folkehelsearbeid er det av betyding å ivareta grønstrukturen sine kvalitetar for innbyggjarane, sidan grønstruktur er forbundet med positiv effekt på psykisk og fysisk helse. Det er også i tråd med stortingsmeldingane sine mål om å sikra tilgang til grønstruktur, basert på at grønstruktur er av betyding for helse og livskvalitet, samt å ta vare på naturen sin eigen verdi. Som det står i folkehelselova er det samfunnet sitt ansvar å fremme befolkninga si helse og trivsel. Grønstruktur bidrar til å oppretthalde god folkehelse via å rette tiltak mot det som skapar god helse.

Denne studien sin kunnskap er viktig for at sette fokus på kvifor grønstruktur sine verdiar bør synleggjera. Det er nyttig med tanke på at grønstruktur er prioritert i kommuneplanane, men tapar ofte i møte med andre interesser i gjennomføringa. Kulturelle økosystemtenester er eit eksempel på korleis ein kan synleggjere menneskelege fordelar ved å vera i natur, og på den måten vera eit tilleggsargument for å ivareta grønstrukturen. Kommunen sitt planarbeid står ovanfor store utfordring for å kombinera økonomisk, økologisk og sosial berekraft i sine avgjersler, denne masteroppgåva er eit eksempel på å kople omgropa saman.

LITTERATURLISTE

- Bay-Larsen, I. (2014). Kunnskap i norsk miljøplanlegging – relevans, troverdighet og legitimitet. *Kart og plan*, 266-279.
- Bergem, R., Dahl, S. L., Olsen, G. M. & Synnevåg, E. S. (2019). *Nærmiljø og lokalsamfunn for folkehelsa. Sluttrapport fra evaluering av prosjektet: Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse*. (Rapport 95/2019). Høgskulen i Volda.
- Boulton, C., Dedekorkut-Howes, A. & Byrne, J. (2018). Factors shaping urban greenspace provision: A systematic review of the literature. *Landscape and Urban Planning*, 178, 82-101. <https://doi.org/10.1016/j.landurbplan.2018.05.029>
- Cabana, D., Ryfield, F., Crowe, T. P. & Brannigan, J. (2020). Evaluating and communicating cultural ecosystem services. *Ecosystem Services*, 42, 101085. <https://doi.org/10.1016/j.ecoser.2020.101085>
- Chan, K. M. A., Guerry, A. D., Balvanera, P., Klain, S., Satterfield, T., Basurto, X., Bostrom, A., Chuenpagdee, R., Gould, R., Halpern, B. S., Hannahs, N., Levine, J., Norton, B., Ruckelshaus, M., Russell, R., Tam, J. & Woodside, U. (2012). Where are Cultural and Social in Ecosystem Services? A Framework for Constructive Engagement. *BioScience*, 62(8), 744-756. <https://doi.org/10.1525/bio.2012.62.8.7>
- Chen, X., de Vries, S., Assmuth, T., Dick, J., Hermans, T., Hertel, O., Jensen, A., Jones, L., Kabisch, S., Lanki, T., Lehmann, I., Maskell, L., Norton, L. & Reis, S. (2019). Research challenges for cultural ecosystem services and public health in (peri-)urban environments. *Science of The Total Environment*, 651, 2118-2129. <https://doi.org/10.1016/j.scitotenv.2018.09.030>
- Coombes, E., Jones, A. P. & Hillsdon, M. (2010). The relationship of physical activity and overweight to objectively measured green space accessibility and use. *Social Science & Medicine*, 70(6), 816-822. <https://doi.org/10.1016/j.socscimed.2009.11.020>
- Dempsey, N., Bramley, G., Power, S. & Brown, C. (2011). The Social Dimension of Sustainable Development: Defining Urban Social Sustainability. *Sustainable Development*, 19, 289-300. <https://doi.org/10.1002/sd.417>
- Diener, E., Oishi, S. & Tay, L. (2018). Advances in subjective well-being research. *Nature Human Behaviour*, 2(4), 253-260. <https://doi.org/10.1038/s41562-018-0307-6>
- Dzhambov, A. M., Browning, M. H. E. M., Markevych, I., Hartig, T. & Lercher, P. (2020). Analytical approaches to testing pathways linking greenspace to health: A scoping review of the empirical literature. *Environmental Research*, 186, 109613. <https://doi.org/10.1016/j.envres.2020.109613>
- Fish, R., Church, A., Willis, C., Winter, M., Tratalos, J. A., Haines-Young, R. & Potschin, M. (2016). Making space for cultural ecosystem services: Insights from a study of the UK nature improvement initiative. *Ecosystem Services*, 21, 329-343. <https://doi.org/10.1016/j.ecoser.2016.09.017>
- Fish, R., Church, A. & Winter, M. (2016). Conceptualising cultural ecosystem services: A novel framework for research and critical engagement. *Ecosystem Services*, 21, 208-217. <https://doi.org/10.1016/j.ecoser.2016.09.002>
- FN. (2021, 13.09.2021). FNs bærekraftsmål. FN-sambandet. <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>
- Folkehelselova. (2011). Lov om folkehelsearbeid (LOV-2011-06-24-29). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29>
- Fugelli, P. & Ingstad, B. (2001). Helse - slik folk ser det. *Tidsskrift for den Norske Lægeforening*.

- Haines-Young, R. & Potschin, M. (2018). *Common International Classification og Ecosystem Services (CICES) V5.1*. Fabis consulting.
<https://cices.eu/content/uploads/sites/8/2018/01/Guidance-V51-01012018.pdf>
- Hanssen, G. S., Hofstad, H. & Saglie, I.-L. (Red.). (2015). *Kompakt byutvikling : muligheter og utfordringer*. Universitetsforlaget.
- Hartig, T., Mitchell, R., Vries, S. d. & Frumkin, H. (2014). Nature and Health. *Annual Review of Public Health*, 35(1), 207-228. <https://doi.org/10.1146/annurev-publhealth-032013-182443>
- Heimburg, V. D., Rangul, V., Gravaas, B. C., Eiksund, S., Sliper, J. O., Opdahl, S., Kvistad, K., Moa, F. P. l., Krokstad, S. & Sund, R. E. (2021). *Nær miljø i Trøndelag 2019: trivsel, opplevd trygghet, tilgjengelighet til tjenester og nærmiljøressurser, og støy* (Helsestatistikk-rapport nr. 5 HUNT4).
<https://www.ntnu.no/documents/10304/1269212242/Nær%20miljørappo...pdf>
- Helsedirektoratet. (2018). *Folkehelse og bærekraftig samfunnsutvikling: Helsedirektoratets innspill til videreutvikling av folkehelsepolitikken (IS-2748)*. Helsedirektoratet.
<https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/folkehelse-og-baerekraftig-samfunnsutvikling/>
- Hersoug, B., Armstrong, C., Brattland, C., Eyþórsson, E., Holmgaard, B. S., Johnsen, J. P., Kvalvik, I., Mikkelsen, E., Paudel, P. K., Solås, A. M., Sundsvold, B., Sørdahl, B. P. & Thuestad, A. (2019). *Når det blåser i fra ØST: Om bruken av økosystemtjenesteperspektivet i kystsoneplanleggingen* (Rapport 2/2019). Nofima AS.
<https://nofima.no/publikasjon/1667387/>
- Hofstad, H. (2018). Hva er viktige faktorer for lokal utøvelse av folkehelseoppdraget, og hvordan kan folkehelsemyndighetene støtte opp? I. By- og regionforskningsinstituttet NIBR, OsloMet.
- Holsen, T. (2020). Negotiations Between Developers and Planning Authorities in Urban Development Projects. *disP - The Planning Review*, 56(3), 34-46.
<https://doi.org/10.1080/02513625.2020.1851904>
- Holsen, T. (2021). A path dependent systems perspective on participation in municipal land-use planning. *European Planning Studies*, 29(7), 1193-1210.
<https://doi.org/10.1080/09654313.2020.1833841>
- Hunter, R., Cleary, A., Cleland, C. & Braubach, M. (2017). Urban green space interventions and health: A review of impacts and effectiveness. Full report.
- Inch, A. (2014). Ordinary citizens and the political cultures of planning: In search of the subject of a new democratic ethos. *Planning Theory*, 14(4), 404-424.
<https://doi.org/10.1177/1473095214536172>
- Kaplan, R. & Kaplan, S. (1989). *The experience of nature: a psychological perspective*. Cambridge University Press.
- Klima- og miljødepartementet. (2018). *Handlingsplan for friluftsliv: Natur som kilde til helse og livskvalitet*. Klima- og miljødepartementet.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/handlingsplan-for-friluftsliv/id2607767/>
- Knudtzon, L. C. (2019). Glipper mulighetene? Kvaliteter i transformasjonsprosjekter – for private, klubben eller kollektivet? *Tidsskrift for boligforskning*, 2(1), 23-45.
<https://doi.org/10.18261/issn.2535-5988-2019-01-03>
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2019). *Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019-2023*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventingar-til-regional-og-kommunal-planlegging-20192023/id2645090/>

- Lee, A. C. K., Jordan, H. C. & Horsley, J. (2015). Value of urban green spaces in promoting healthy living and wellbeing: prospects for planning. *Risk management and healthcare policy*, 8, 131-137. <https://doi.org/10.2147/RMHP.S61654>
- Magnussen, K., Reinvang, R. & Løset, F. (2015). *Økosystemtjenester fra grønnstruktur i norske byer og tettsteder* (9788281262058). Vista analyse.
- Malterud, K. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder for medisin og helsefag* (4. utg. utg.). Universitetsforl.
- Meld. St. 14 (2015-2016). *Natur for livet - Norsk handlingsplan for naturmangfold*. Klima- og miljødepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20152016/>
- Meld. St. 18 (2015-2016). *Friluftsliv - Natur som kilde til helse og livskvalitet*. Klima- og miljødepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-18-20152016/>
- Meld. St. 19 (2018-2019). *Folkehelsemeldinga: Gode liv i eit trygt samfunn*. Helse- og omsorgsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-20182019/>
- Meld. St. 40 (2020-2021). *Mål med mening - Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-40-20202021/>
- Miljødirektoratet. (2013). *Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder* (M98-2013). Miljødirektoratet. <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/M98/M98.pdf>
- Miljødirektoratet. (2014). *Planlegging av grønnstruktur i byer og tettsteder* (M100-2014). Miljødirektoratet. <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/M100/M100.pdf>
- Miljødirektoratet. (2021, 2021, 13. desember). *By- og tettstedsnær grønnstruktur i arealplanlegging*. Miljødirektoratet. <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsområder/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/miljohensyn-i-arealplanlegging/friluftsliv/gronnstruktur-i-arealplanlegging/>
- Miljødirektoratet. (u.å). *Økosystemtjenester*. Miljødirektoratet. <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsområder/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/konsekvensutredninger/vurdere-miljokonsekvensene-av-planen-eller-tiltaket/vurdere-pavirkning-pa-okosystemtjenester/>
- Millennium Ecosystem Assessment. (2005). *Ecosystem and Human Well-Being: Synthesis*. Island Press, . <https://wedocs.unep.org/20.500.11822/8701>
- Mitchell, R. J., Richardson, E. A., Shortt, N. K. & Pearce, J. R. (2015). Neighborhood Environments and Socioeconomic Inequalities in Mental Well-Being. *American Journal of Preventive Medicine*, 49(1), 80-84. <https://doi.org/10.1016/j.amepre.2015.01.017>
- Maas, J., van Dillen, S. M. E., Verheij, R. A. & Groenewegen, P. P. (2009). Social contacts as a possible mechanism behind the relation between green space and health. *Health Place*, 15(2), 586-595. <https://doi.org/10.1016/j.healthplace.2008.09.006>
- Naturmangfaldlova. (2009). *Lov om forvaltning av naturens mangfold* (LOV-2009-06-19-100). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100>
- Nes, B. R. (2019). *Fakta om livskvalitet og trivsel*. Folkehelseinsituttet. <https://www.fhi.no/fp/psykiskhelse/livskvalitet-og-trivsel/livskvalitet-og-trivsel/>
- Nordh, H., Hauge, Å. L. & Fyhri, A. (2012). *Norsk miljøpsykologi*. SINTEF akademisk forlag.

- Nordh, H. & Olafsson, A. S. (2021). Plans for urban green infrastructure in Scandinavia. *Journal of Environmental Planning and Management*, 64(5), 883-904. <https://doi.org/10.1080/09640568.2020.1787960>
- NOU 2013:10. (2013). *Naturens goder: om verdier av økosystemtjenester*. Miljøverndepartementet.
- NSD. (u.å). *Personverntjenester*. Norsk senter for forskingsdata. <https://www.nsd.no/personverntjenester>
- Opp, S. M. (2017). The forgotten pillar: a definition for the measurement of social sustainability in American cities. *Local Environment*, 22(3), 286-305. <https://doi.org/10.1080/13549839.2016.1195800>
- Plan- og bygningslova. (2008). *Lov om planlegging og byggesaksbehandling* (LOV-2008-06-27-71). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>
- Ryan, R. M., Weinstein, N., Bernstein, J., Brown, K. W., Mistretta, L. & Gagné, M. (2010). Vitalizing effects of being outdoors and in nature. *Journal of Environmental Psychology*, 30(2), 159-168. <https://doi.org/10.1016/j.jenvp.2009.10.009>
- Schiebel, T., Gallinat, J. & Kühn, S. (2022). Testing the Biophilia theory: Automatic approach tendencies towards nature. *Journal of Environmental Psychology*, 79, 101725. <https://doi.org/10.1016/j.jenvp.2021.101725>
- Skjeggedal, T., Vistad, O. I. & Thorén, K. H. (2019). Planlegging for nærtur og folkehelse. *Kart og plan*, 112(4), 241-257. <https://doi.org/10.18261/issn.2535-6003-2019-04-02>
- Stokke, K. & Falleth, E. (2010). Bevaring av bynære friluftsområder - hva betyr deltagelse og mobilisering fra lokalsamfunnet? *Kart og plan*, 4, 265-276.
- Stokke, K. B. & Movik, S. (2022). *Introduksjon til miljøplanlegging*. Universitetsforlaget.
- Sverdrup, S. (2020). *Bachelor- og masteroppgaver i sosial- og helsefag: råd og vink: skritt for skritt*. Cappelen Damm akademisk.
- Thoren, A.-K. H. (2016). Green infrastructure in growing station towns. Two case studies from Norway. In *Landscapes and Greenways of Resilience. Proceedings of 5th Fabos Conference on Landscape and Greenway Planning* (s. 71-78). Szent Istvan University.
- Whitehead, M. & Dahlgren, G. (1991). What can be done about inequalities in health? *Lancet*, 338(8774), 1059-1063. [https://doi.org/10.1016/0140-6736\(91\)91911-d](https://doi.org/10.1016/0140-6736(91)91911-d)
- WHO. (1986). *Health Promotion*. World Health Organization. <https://www.who.int/teams/health-promotion/enhanced-wellbeing/first-global-conference>
- Aarsæther, N. (Red.). (2018). *Plan og samfunn: system, praksis, teori*. Cappelen Damm akademisk.

VEDLEGG 1:

Intervjuguide

Takk for at du stiller opp til intervju.

Eg studerer master i folkehelsevitenskap ved NMBU. Intervjuet er ein del av datainnsamlinga for masteroppgåva mi våren 2022. Eg ynskjer å undersøkje korleis grønstruktur vert teke omsyn til i kommunen sitt planarbeid, med tanke på eit godt nærmiljø for folk. Formålet med intervjuet er å få innsikt i kommunetilsette sine erfaringar på området. Intervjuet vert teke opp med diktafon, og lagrast på forskarserver. All informasjon vil behandlast med konfidensialitet og anonymitet, og er basert på ditt samtykke.

Intervjuet handlar om kommunen sitt arbeid med grønstruktur og tankar om verdsetjing av grønstruktur, samt eksempel på korleis grønstruktur ivaretakast. Grønstruktur forståast ut i frå Miljødirektoratet sin definisjon: Grønstruktur er veien av store og små naturprega område i byar og tettstadar (Miljødirektoratet, 2021), og famnar både naturområde, turdrag, friområde og parkar, som inneheld ulik grad av naturinnslag.

Venleg helsing Åsne Henden

Kommunen sitt arbeid med grønstruktur

Kan du fortelje litt om kva du jobbar med i kommunen?

Kva er ditt ansvarsområde?

Kan du sei litt om di erfaring med kommuneplanen eller delplanar?

Kan du fortelje om korleis kommunen kartleggje eller verdsetje grønstruktur?

I kva samanheng vert det gjort? Har du nokon eksempel?

Viss ikkje, kan du sei noko om kvifor det ikkje er aktuelt?

Korleis vert informasjonen brukta i vidare planlegging? (Samfunnsplan, arealplan, reguleringsplan)

Kan du fortelje om andre informasjonskjelder for grønstruktur som brukas i kommuneplanane?

Verdsetjing

Eg er spesielt interessert i den delen som går på bruk av grønstruktur til rekreasjon, stadsidentitet, opplevingar og kunnskap. Kan du fortelje kva du tenker rundt det å verdsetje desse verdiane?

Har du erfart at nokon verdiar vert prioritert høgare enn andre?

- Bruk
- Opplevingar
- Kunnskap og læring
- Stadsidentitet
- Eventuelt andre

I kva grad hentas informasjon ved hjelp av medverknad?

Resultatet av det?

Har du noko tankar rundt etablering av nærmiljøanlegget «En morsom omvei», og det sin betyding for rekreasjon?

Ivaretaking av grønstruktur

Har du noko eksempel på at kartlegging eller verdsetjing har hatt innverknad på at grønstruktur vert betre ivareteke?

Eventuelt andre måtar å ivareta grønstruktur på?

Har du noko eksempel på at grønstruktur som skulle ivaretakast, vart bygd ut?

Har du noko tankar om korleis desse områda kan sikras mot utbygging?

Ser du nokre utfordringar med å setje av område til grønstruktur?

Er det noko meir du vil leggje til?

VEDLEGG 2:

Vil du delta i forskingsprosjektet "Grønstruktur i kommunen sitt arbeid"?

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der formålet er å undersøkje korleis kommunetilsette opplever at grønstruktur vert tatt omsyn til i sin kommune. I dette skrivet gir me deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking vil innebere for deg.

Formål

Naturen gjev oss goder som er viktig for vår fysiske og psykiske helse. Kunnskap om grønstruktur sin verdi, og korleis det vert tatt omsyn til i kommunen, har betydning for korleis grønstrukturen ivaretakast. Grønstruktur forståast ut i frå Miljødirektoratet sin definisjon: Grønstruktur er veien av store og små naturprega område i byar og tettstadar(Miljødirektoratet, 2021), og famnar både naturområde, turdrag, friområde og parkar, som inneheld ulik grad av naturinnslag. Tema er aktuelt då grønstruktur i mange byar og tettstadar er pressa som fylgje av fortetting og andre interesser.

Formålet med prosjektet er difor å undersøkje korleis kommunetilsette opplever at grønstruktur vert tatt omsyn til i sin kommune, ved å samle erfaringar i arbeidet som vert gjort.

Studien vil gjennomførast som ei masteroppgåve av Åsne Henden, student i folkehelsevitenskap ved NMBU.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Fakultet for landskap og samfunn ved Norges miljø- og biovitenskaplige universitet er ansvarleg for prosjektet.

Kvífor får du spørsmål om å delta?

Du vert spurt fordi din kommune deltar i prosjektet «En morsom omvei». Me ynskjer deltagarar frå desse kommunane.

Kva inneberer det for deg å delta?

Viss du vel å delta i prosjektet, inneberer det at du deltar i eit individuelt intervju. Det vil ta deg ca. 1 time. Intervjuet inneheld spørsmål om kommunen sitt arbeid med grønstruktur og tankar om verdsetjing av grønstruktur, samt eksempel på korleis grønstruktur kan ivaretakast. Dine svar i intervjuet vert tatt opp med lydopptakar, og seinare skrivast ordrett ned og lagrast som eit elektronisk dokument. I dette dokumentet vil opplysninga som kan identifisere deg som deltakar vera anonymisert.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Viss du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å oppgje nokon grunn. Alle dine personopplysningar (samtykkeskriv med underskrift, namn, e-post adresse og lydopptak) vil då slettast. Viss intervjuet allereie er brukt som ein del av resultata vert desse ikkje sletta. Det vil ikkje ha noko negative konsekvensar for deg viss du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

Ditt personvern – korleis me oppbevara og bruker dine opplysningar

Me vil berre bruke opplysningane om deg til formåla me har fortalt om i dette skrivet. Me behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Student og rettleiar vil ha tilgang til opplysningane om deg.
- For at ingen uvedkommande får tilgang til personopplysningane vil namn og kontaktinformasjonen lagrast åtskilt frå andre data og datamaterialet vert lagra på forskingsserver.
- Deltakarane vil ikkje vera mogeleg å kjenna att i publikasjon.

Kva skjer med opplysningane dine når me avsluttar forskingsprosjektet?

Personopplysningar og opptak vil slettast, når masteroppgåva er godkjent i juni 2022.

Dine rettigheitar

Så lenge du kan identifiseras i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysningane,
- å få retta personopplysninga om deg,
- å få slettet personopplysninga om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar.

Kva gjev oss rett til å behandle personopplysninga om deg?

Me behandlar opplysninga om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå Norges miljø- og biovitenskaplige universitet har NSD – Norsk senter for forskingsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysninga i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Kvar kan eg finne ut meir?

Viss du har spørsmål til studien, eller ynskjer å nytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- Fakultet for landskap og samfunn ved førsteamanuensis Ingeborg Pedersen, ingeborg.pedersen@nmbu.no.
- Vårt personvernombud: Hanne Pernille Gulbrandsen, personvernombu@nmbu.no

Viss du har spørsmål knytt til NSD sin vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS på epost (personverntjenester@nsd.no) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med vennleg helsing

Prosjektansvarlig

(Rettleiar)

Student


Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet [*Grønstruktur i kommunen sitt arbeid*], og har fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju

Eg samtykker til at mine opplysninga behandlas fram til prosjektet er avslutta

(Signert av prosjektdeltakar, dato)



Norges miljø- og biovitenskapelige universitet
Noregs miljø- og biovitenskapslelege universitet
Norwegian University of Life Sciences

Postboks 5003
NO-1432 Ås
Norway